

**Kva slags sidemålsopplæring legg  
lærebøkene opp til når  
nynorsk er sidemålet?  
Ein analyse av lærebøker  
i norsk for ungdomstrinnet  
etter Reform 97**

**Benthe Kolberg Jansson**

**Høgskolen i Østfold  
Arbeidsrapport 2004:6**

[Online-versjon \(pdf\)](#)

Utgivelsessted: Halden

Det må ikke kopieres fra rapporten i strid med åndsverkloven og fotografiloven eller i strid med avtaler om kopiering inngått med KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

**Høgskolen i Østfold har en godkjenningsordning for publikasjoner som skal gis ut i Høgskolens Rapport- og Arbeidsrapportserier.**

Høgskolen i Østfold. Arbeidsrapport 2004:6

© Forfatteren/Høgskolen i Østfold

ISBN: 82-7825-159-2

ISSN: 1503-6677

## **Forord**

Denne rapporten er ein av rapportane frå forprosjektet til forskingsprosjektet ”Nynorsk som sidemål”. Dette prosjektet kom i gang våren 2004 med midlar frå blant anna Læringssenteret. Prosjektleiinga er knytt til Høgskolen i Volda, men prosjektet har medarbeidrarar ved andre høgskolar.

Rapportane frå forprosjektet er publisert som arbeidsrapportar ved Høgskulen i Volda og Høgskolen i Østfold.

## **Innhald:**

<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>1 Lærebøkene og innhaldet i undervisninga .....</b>	<b>2</b>
1.1 Læraren, lærebøkene og undervisninga i nynorsk som sidemål .....	3
1.2 Bruk av tilleggsmateriell .....	4
<b>2 L97, lærebøkene og undervisninga.....</b>	<b>6</b>
<b>3 Undervisningstradisjonen.....</b>	<b>7</b>
3.1 Mønsterplanen - M74 .....	8
3.2 Ny mønsterplan - M87 .....	9
3.3 Gjeldande læreplan - L97 .....	10
3.3.1 Målformuleringar for sidemålsopplæringa på dei enkelte klassesettinna.....	12
3.4 Oppsummering .....	15
<b>4 Nynorsk som sidemål i lærebøkene .....</b>	<b>15</b>
4.1 Framgangsmåte .....	15
4.2 Læreverka i norsk – heildekande? .....	16
4.3 Gjennomgang av dei enkelte verka .....	17
<b>5 Resultat og drøfting.....</b>	<b>29</b>
5.1 Sidemålskapitla .....	29
5.1.1 Omfang.....	31
5.1.2 Plassering i bøkene.....	32
5.2 Nynorsk som bruksspråk og arbeidsspråk.....	34
5.2.1 Eksempeltekster .....	36
5.2.2 Nynorsk som arbeidsspråk.....	36
<b>6 Konklusjon og nye spørsmål .....</b>	<b>39</b>
6.1 Nye problemstillingar .....	40
<b>Litteratur .....</b>	<b>41</b>

## Innleiing

Ein del av forprosjektet til forskingsprosjektet ”Nynorsk som sidemål” har vore å kartlegge situasjonen for sidemålsopplæringa, slik at vi som arbeider i dette prosjektet, kan ha ei forskingsbasert oppfatning av situasjonen. Dette er eit nødvendig grunnlag for vidare arbeid med å vidareutvikle og fornye undervisningspraksis i sidemålsopplæringa.

Lærebøkene har ein sentral plass i undervisninga, spesielt i arbeidet med å planlegge innhald, progresjon og arbeidsmåtar i faga (Haug 2003:97). Ein studie av lærebøker kan derfor gi indirekte kunnskap om undervisningspraksis, og han gir direkte kunnskap om kva føringar lærebokforfattarar og forlag legg for sidemålsundervisninga.

I denne studien konsentrerer eg meg om bokmålsutgåvene av læreverka som blir brukt i norskfaget, og spørsmålet er: Kva slags sidemålsopplæring legg desse læreverka opp til? Eg vil sjå nærmare på både omfang og presentasjonsmåte og kva arbeidsmåtar verket legg opp til i lys av det som blir sagt om sidemålsopplæringa i norskplanen i L97.

## 1 Lærebøkene og innhaldet i undervisninga

*Hvis skolereformer skal lykkes [...] må lærebøkene og lærermateriell brukes mer systematisk som redskap for endring* (Bachmann m.fl.2004:214). Dette er ein av konklusjonane etter ein større studie av forholdet mellom læreplan, lærebøker og undervisning. Studien er eit av delprosjekta knytt til den omfattande evalueringa av L97. Ei rimelig tolking av denne utsegna er at lærebøker og lærermateriell har potensiale til å skape endringar i skolen – først og fremst fordi dei er hjelpemiddel som i stor grad styrer innhaldet i undervisinga og aktivitetane i klasserommet.

Norsk og internasjonal forsking peikar på at lærebøker kan ha ein sterkt kontrollerande posisjon i undervisninga (Bachmann 2004:120). I delprosjektet som dreidde seg om lærebøker i evalueringa av L97, blei det gjort ei større spørjeundersøking, som blant anna omfatta 759 lærarar og 225 personar som hadde arbeidd med utvikling av lærebøker. I denne undersøkinga svarte 87% av lærarane at dei ofte brukte lærebøkene som hjelpemiddel i planlegginga av undervisninga. Bare 9% svarte at dei sjeldan gjorde det (Bachmann m.fl.

2004:105). Når lærarane blei spurta meir konkret om læreverket si rolle i utforminga av årsplanar, svarte i underkant av 60% at dei hadde brukt eit læreverk som utgangspunkt for årsplanen i faga dei underviste i.

Bare 4% svarer at de ikke har benyttet noe læreverk i utarbeidelse av planen, og det kan dermed antas at nesten alle års- eller halvårsplaner på en eller annen måte er utviklet med bakgrunn i et læreverk, men da som oftest i kombinasjon med læreplanen. (ibid.:110)

Dei fleste brukte eitt bestemt læreverk i planleggingsarbeidet, og det er derfor interessant i denne samanhengen å sjå hossen ulike læreverk behandlar sidemålsopplæringa, spesielt med tanke på kva konsekvensar det kan ha for omfanget sidemålsopplæringa får på dei ulike klassetrinna. Den same undersøkinga viste òg at nesten 60% av lærarane valde bort tema frå læreverket dersom tida ikkje strekte til. Disponeringa av stoffet i læreverket er derfor ikkje uvesentlig. Det er ikkje uvanlig å begynne fremst i boka og arbeide seg utover, og plasseringa av eit emne i boka kan ha noe å seia for om det blir valt bort eller ikkje når tidsnaua slår til mot slutten av eit semester eller eit skoleår.

På spørsmål om hossen læreboka blei brukt i den konkrete undervisningssituasjonen, svarte 83% av lærarane at dei ofte brukte boka som utgangspunkt for presentasjon av fagstoffet, og nesten like mange svarte at elevane arbeidde med lesestoffet og oppgåvene i boka (ibid.:114f). Det er altså relevant å undersøke både læreboktekst og oppgåver for å danne seg eit bilde av hossen emnet kan bli presentert og arbeidd med når læreboka er utgangspunktet.

Læreboka blir ikkje brukt på same måte i alle fag, og spørjeundersøkinga viste at norsklærarane plasserte seg midt på treet når det gjaldt i kor stor grad dei brukar lærebøkene i undervisninga. Men norsklærarane brukar ofte andre lærebøker som supplement i undervisninga (ibid.:120). Konklusjonen er likevel slik: *Analysen bekrefter at lærebøkene står sterkt blant alle lærergruppene* (ibid.:122)

## **1.1 Læraren, lærebøkene og undervisninga i nynorsk som sidemål**

Resultata frå lærebokundersøkinga i samband med evalueringa av L97 viser hovudtendensar i måten å bruke lærebøker i undervisninga på. Undersøkinga fangar i liten grad opp variasjon i bruk som har samanheng med ulik faglig bakgrunn og erfaring blant lærarane, eller variasjon

som heng saman med engasjement og faglige interesser. Ho gir heller ikkje detaljert kunnskap om lærebokbruk i enkeltfag, eller i enkeltemne innafor faga. I ein studie av kva som styrer prioriteringane til lærarane i faget samfunnslære i grunnskolen, som er eit fag sett saman av fleire disciplinar, finn Jonas Christophersen at det ikkje er læreboka som er mest styrande, sjølv om ho er viktig:

[...] den viktigste grunnen lærerne oppgir for sin faglige vektlegging, er temaenes aktualitet. Deretter følger læreplanen, lærernes egen interesse og elevenes ønsker. Først på femteplace kommer lærebøkene som begrunnelse for faglig prioritering. Det betyr at tesen om lærebøkenes betydning må nynanseres (Christophersen 2004:108).

Ei slik nyansering er spesielt interessant for emnet nynorsk som sidemål, som er eit emne det er mange og sterke meiningar om, og få andre emne i norskfaget har blitt debattert så mye offentlig. Det er derfor rimelig å tru at emnet er utsett for ganske sterk variasjon på grunnlag av engasjement og motivasjon blant lærarane. Det er òg eit emne der manglande motivasjonen hos elevane kan ha konsekvensar for prioriteringane til læraren. Men trass i slike variasjonar er det ingen grunn til å tru at framstillinga av emnet i lærebøker er uvesentlig – tvert om, kunne ein seia. I emne der lærarane går ”pliktløp”, eller kjenner seg faglig usikre, kan læreboka vera skansen som bestemmer hossen emnet blir tatt vare på i undervisninga.

I ei svensk undersøking av hossen lærermiddel blei brukt i undervisninga, observerte forskaren dette:

Jag kunde kunde emellertid märka att den lärare som behärskade sitt ämne bättre, också inntog en mer flexibel hållning till läromedlet. Konsekvenser blir att den osäkra läraren förlitar sig mer på läromedlet och dess uppbyggnad (Gustafsson 1982:93).

## 1.2 Bruk av tilleggs materiell

Når ein skal drøfte framstillinga av eit emne i lærebøker, bør ein òg ha i tankane kva for tilleggs materiell som blir brukt i undervisninga. Det er vanlig at lærarar brukar arbeidsopplegg som dei har utarbeidd sjølv, og at dei hentar inn tilleggstoff frå andre kjelder enn læreboka. I lærebokundersøkinga etter Reform 97 svarte om lag halvparten at dei brukte eige undervisningsmateriell frå tidligare år, andre lærebøker og oppslagsverk i undervisninga. Tendensen er at slikt materiell blir brukt oftare av lærarar med lengre utdanning og undervisningserfaring enn av lærarar med kort undervisningserfaring (<5år) (Bachmann m.fl. 2004:105f).

I emnet nynorsk som sidemål er situasjonen litt spesiell når det gjeld tilleggsmateriell, for det er ein lang tradisjon for å ha eigne lærebøker eller arbeidsbøker i dette emnet. Tendensen dei seinare åra er at hovudbøkene for norskfaget har blitt meir ”heildekande” (Skjelbred 2002), og fleire av verka som er i bruk i skolen etter Reform 97, seier i forordet frå om at bøkene dekker alle emna i norskfaget – også sidemålsopplæringa. Bare eitt av verka oppfordrar elevane til å bruke ei tilleggsbok i nynorsk som sidemål.

Det er vanskelig å få sikker kunnskap om bruk av tilleggsbøker i nynorsk som sidemål utan å gjøra undersøkingar blant lærarane, men eg har undersøkt kor mange bøker som er selt. Dei bøkene som er gitt ut etter Reform 97, er tre større lærebøker/tekstsamlingar med eit sidetal på 126, 168 og 202 sider. Den mest omfangsrike av desse bøkene er meint for 10. klasse, mens dei to andre har tekster og oppgåver som kan brukas på alle tre trinna. I tillegg fins det eit mindre arbeidshefte (som elevane kan skrive i) knytt til eit av læreverka, og som er meint for 10. klasse. Dessutan fins det ei bok som blei utgitt i 1993, men som har selt ein del etter Reform 97.

Til saman har alle dei fem tilleggsbøkene i nynorsk som sidemål selt 25 730 eksemplar frå 1997 t.o.m. 2003. (Forlaga har velvillig gitt meg detaljerte salstal.) Bøkene selde mest like etter Reform 97 eller like etter utgivinga, og salstala har dei seinare åra gått ned for denne typen tilleggsbøker. Det er nå om lag 140 000 elevar på ungdomstrinnet som skal ha opplæring i nynorsk som sidemål, og eg vil tru at relativt få elevar har eigne, personlige bøker i nynorsk som sidemål.

Forlaga opplyser at dei har inntrykk av at mange skolar kjøper klassesett. Terskelen for å bruke bøker som bare fins i klassesett, er relativt høg. Med dei omfangsrike norskverka som er i bruk, er det òg eit spørsmål om å få tid til å bruke tilleggsbøker i noe særlig omfang (Michaelsen 1999, Gustafsson 1982). Tilleggsbøker er også eit økonomisk spørsmål, spesielt når det gjeld dei såkalla ”eingongsbøkene” som elevane skal skrive i (Fauskanger 2001).

Men det er selt såpass mange lærebøker i nynorsk som sidemål at vi må rekne med at ein del av stoffet i desse bøkene blir brukt i undervisninga. Ein del av lærebøkene i nynorsk som sidemål som kom ut før Reform 97, kan også framleis vera i bruk.

Alle norskverka for ungdomstrinnet har lærarrettleiingar som blant anna inneholder tilleggsstoff til læreverket. Hossen desse rettleiingane eller ressursbøkene blir brukt, vil variere med interesse hos lærarane, og naturligvis med kvaliteten på lærarrettleiingane. I lærebokundersøkinga etter Reform 97 svarte 61% av lærarane at dei brukte lærarrettleiinga ofte i planlegginga av undervisninga. Norsklærarar ser ut til å vera ei lærargruppe som brukar lærarrettleiingane i mindre grad enn andre faglærarar (Bachmann m.fl. 2004:120), men fordi desse rettleiingane er knytt tett til verka, vil eg sjå på innhaldet for å få eit innblikk i hossen forfattarane har tenkt at elevane skal arbeide med sidemålet med utgangspunkt i verket.

## 2 L97, lærebøkene og undervisninga

Gjennom etterutdanning av lærarane i samband med innføringa av L97 blei det lagt opp til at lærarane sjølv skulle bruke læreplanen aktivt i planlegginga av undervisninga. Planen fikk også forskriftsstatus, noe som burde bety at lærarane ser på læreplanen som det viktigaste dokumentet i planlegginga av undervisninga. Men, som eg har gjort greie for ovafor, betyr lærebøkene likevel mye for både planlegging og gjennomføring av undervisninga. I presentasjonen av resultata frå evalueringa av L97 heiter det blant anna:

Tesen om at sekundære læreplanbindinger har større betydning for lærernes planlegging og undervisning enn læreplanen, underbygges til en viss grad gjennom disse resultatene. (Bachmann m.fl. 2004:127)

I spørjeundersøkinga om utvikling og bruk av lærebøker etter Reform 97 blei lærebokforfattarar og andre som hadde vore involvert i arbeidet med å utvikle lærebøker, spurta om kva dokument som var dei viktigaste i lærebokarbeidet. Fagplandelen i L97 blei sett på som svært viktig av 88% av dei spurte, og fagplanen var det dokumentet som skåra absolutt høgast (ibid.:83). Når lærarar og lærebokutviklarar blei spurta om dei meinte læreplanen blei godt ivaretatt i læreboka dei brukte eller hadde vore med på å utvikle, svarte 92% av lærarane positivt, og 96% av lærebokutviklarane svarte det same (Bachmann 2004:132). Lærarane stolar altså på at læreboka ivaretar læreplanen, og svara frå lærebokutviklarane gir grunn til å tru at dette stemmer. Ein kan derfor vente at måla i fagplanane er godt ivaretatt i lærebøkene som er laga etter L97.

Kari Bachmann problematiserer likevel (ibid.:133ff) forholdet mellom fagplan og lærebok og drøftar spesielt om læreboka faktisk er med på endre undervisningspraksis i samsvar med krav

i ny læreplan. Ho understrekar at det er måten lærarane brukar boka på, som avgjør den endringsverdien eit læreverk kan ha:

Lærerne må selv gjøre lærebøkene til et virkningsfullt implementeringsredskap ved å gi dem betydning i sine beslutninger, ikke ved å tilpasse læreboken i tråd med eksisterende praksis, men ved å gjøre endringer i undervisningsarbeidet i tråd med læreboken og reformen. (Bachmann 2004:133)

Og når lærarane svarar på spørsmål om lærebøkene har endra undervisningspraksisen deires, svarar dei fleste lærarane at det har dei i liten grad gjort (ibid.:135). I ein lærebokanalyse må ein altså vera svært varsam med å slutte frå læreverk til undervisningspraksis. Det er dessutan skilnad på måten innhaldsmål og arbeidsmåtar blir implementert på, og i kva grad læreboka kan inspirere til ny undervisningspraksis. (Bachmann m.fl. 2004:162)

Ein kan tenke seg at eit læreverk vanskelig kan endre ein sterk undervisningstradisjon – i alle fall ikkje på kort sikt, men det kan òg vera at læreverka sjølv er bunde av både undervisningstradisjonen og ein bestemt læreboktradisjon i framstillinga si.

Läromedelens innehåll och form spelar därvid roll, antigen så att de [lærebøkene] försvårar ett arbete i linje med läroplanen pga att de konserverar en traditionell undervisning eller genom att de inte ger läraren den hjälp, som han eller hon behöver för att omsätta läroplanens allmänna formuleringar i ämnets/ämnesområdets konkreta innehåll och problem. (Svingby 1982:202)

Lærebokforfattarane er også fortolkarar av læreplanen, og dei tolkar gjennom sitt eige faglige engasjement, sine eigne fordommar, sin eigen kunnskap og sine eigne erfaringar.

Vi skal heller ikkje glømme at dei aller fleste lærebøkene i Noreg er kommersielle produkt som kjempar på ein marknad der forlaga er merksame på at for store brott med innarbeidde undervisnings- og læreboktradisjonar kan føre til at lærarane vrakar produktet deires.

### 3 Undervisningstradisjonen

Ein ofte framført kritikk mot metodikken i sidemålsundervisninga er at han er formalistisk og legg for stor vekt på arbeid med rettskriving og grammatikk. Eg skal ikkje drøfte denne kritikken her, bare nemne at han ikkje er underbygd med nyare forskingsresultat. Men det kan vera at tidligare læreplanar og lærebøker i nynorsk som sidemål (tilsvarande lærebøker for

bokmål fins ikkje) kan gi eit visst grunnlag for påstandar om formalisme. På den andre sida må ein nødvendigvis ha fokus på rettskriving når det er rettskriving som skal læras.

Skriftlig sidemålsopplæring for grunnskoleelevar med norsk som morsmål blei innført da vi fikk niårig grunnskole i 1971. I samband med skolereforma blei det gjennomført eit stort lærebokforsøk i norskfaget: *Norsk i sammenholdte klasser* (NISK). Eit viktig poeng var at ein måtte differensiere undervisninga fordi alle på same klassetrinn skulle følgje den same undervisninga. Det skulle ikkje vera nivåbasert kursplandeling, slik det hadde vore i forsøksperioden. Det blei utvikla lærermiddel i hefteform – eit hefte til kvart deleme i norskfaget – til saman mellom 10 og 13 hefte for kvart årstrinn. Sidemålet fikk sitt hefte for 8. og 9. klassetrinn, med grunnkurs, repetisjonskurs, overkurs og ekstraoppgåver. Ein del av oppgåvene i heftet er frie skriveoppgåver, men heftet har klart fokus på rettskriving og grammatikk. Noen av oppgåvene skulle elevane kunne arbeide med som ”sjølvinstruerande materiale” fordi det var lagt inn fasit til oppgåvene. Men i prosjektkomiteen for forsøket hadde det vore semje om at

(...) alle skulle ha opplæring i det [sidemålet], og at undervisninga i sidemål måtte gå inn som en naturlig del av den øvrige norskopplæring. En ville legge stor vekt på å skape en positiv holdning til nynorsk, og en ville søke å komme bort fra den formaldrill som hittil hadde preget undervisningen. (Forsøksrådet 1976:30)

I rapporten frå forsøket heiter det likevel:

Lærerne fant at sidemålet var det hovedområde hvor fornyelsesgraden var minst. [...] På dette området fikk ikke forsøket gjennomført det en hadde satt seg fore. Men en håpet at dette skulle kunne bli virkeligjort når Mønsterplanen ble innført. (ibid.:84)

### 3.1 Mønsterplanen - M74

Sidemålet er behandla som eit eige emne i M74. Sidemålsundervisninga blir grunngitt med at kunnskap om sidemålet vil fremje språklig toleranse og respekt, og planen legg stor vekt på at ein i sidemålsundervisninga skal vise samanhengen med talespråket til elevane. Begrepa ”hovudmål” og ”sidemål” er konsekvent brukt, men på ein slik måte at sidemålet først og fremst blir oppfatta som synonymt med nynorsk.

Sidemålsundervisninga skulle begynne før ungdomstrinnet, først og fremst gjennom å lesa tekster på ”sidemålet”, men det er først på 8. og 9. trinn at ein skal arbeide med rettskrivinga: ”På 8. og 9. klassetrinn fører en gradvis inn hovedtrekkene i nynorsk grammatikk.” (M74: 109). Sidemålsopplæringa er ikkje nemnt eksplisitt i andre emne i norskfaget, for eksempel i avsnittet ”Skriftlig bruk av språket”, og ein kan tenke seg at dette kan ha gitt føringar til framstillinga av sidemålet som eit isolert emne i norskfaget, med vekt på grammatikkøvingar.

Sannsynligvis greidde ikkje M74 å innfri håpet som blei uttrykt i prosjektrapporten (sjå ovafor). I 1974/75 blei det gjort ei undersøking av sidemålsundervisninga på ungdomstrinnet, som omfatta 192 norsklærarar på 182 skolar der nynorsk var sidemål. Skolane var fordelt over heile landet (Haarstad 1976). Ein av konklusjonane frå denne undersøkinga er:

Det er tydelig at fra prosjektledelsens [leiinga for NISK-prosjektet, min merknad] side har forventninga vært at det meste av formalopplæringa skulle være unnagjort i 8. klasse. Da er det forbausende å se i hvilken grad de strukturerte, grammatiske oppgavene dominerte også i 9. klasse. Noe nedtrapping var skjedd, men ¼ av lærerne brukte fremdeles over 60% av alt skriftlig arbeid til dette (ibid.:149).

Haarstad skriv også: ”Det er tydelig at det trykte NISK-materiellet har vært basis for mye av den skriftlige aktivitet idet de grammatiske oppgavene og de frie opgavene i NISK-heftet ga størst utslag.” (ibid.: 149)

Desse konklusjonane er i tråd med det eg tidligare har skrive om forholdet mellom lærebøker og læreplan i undervisninga: Lærebøkene bestemmer i større grad enn læreplanen hossen den faktiske undervisninga blir gjennomført, og det er grunn til å tru at lærebøkene i stor grad er med på å bestemme undervisningstradisjonen i eit fag.

### **3.2 Ny mønsterplan - M87**

Med M87 kom arbeidet med ulike sjangrar, skriftlig og munnlig, inn for fullt: elevane skulle lære å uttrykke seg skriftlig og munnlig i mange sjangrar og situasjonar. Sidemålet er eit eige emne også i M87. Arbeidet med sidemålet er i større grad integrert i andre emne i M87 enn i M74, men det er ikkje eksplisitt nemnt i avsnitta om skriftlig bruk av språket. Der M74 var svært varsam, blir det gjort grep i M87 for å sikre sidemålet sin plass i undervisninga. Eit eksempel er avsnitta om arbeidet med litteratur, der det blir gitt råd om kor stor del av litteraturen som bør vera på hovudmålet og sidemålet på dei enkelte klassetrinna.

M87 legg vekt på at arbeidet med språk skal ta utgangspunkt i elevanes eige språk og deires eigne språkerfaringar. Dette blir òg framheva for arbeidet med sidemålet, som særlig blir motivert med kunnskap om og respekt for talemålsvariasjon. Planen seier at elevane bør få prøve seg på å gjøra små skriveeksperiment på sidemålet mot slutten av mellomtrinnet, og meir systematisk skriving på sidemålet skal seinast ta til i 8. klasse.

Fordi planen skil mellom sidemålsopplæring og skriftlig bruk av språket, kan vi få inntrykk av at skriving på sidemålet først og fremst handlar om å lære seg å skrive sidemål – og ikkje om å bruke begge målformene som sidestilte i all skriftlig kommunikasjon.

”Sidemålsaktivitetane” i 7. – 9. klasse har fokus på innlæring av formelle ferdigheiter, og det blir lagt vekt på at språkhistorisk kunnskap og talemålskunnskap kan motivere for å arbeide med sidemålet.

Sjølv om planen er meir ambisiøs enn M74 når det gjeld sidemålet, representerer han ikkje noe klart brott med dei prinsipielle sidene ved sidemålsundervisninga i M74. Men noe av undervisningsmateriellet som blei utarbeidd på slutten av 1970-talet og byrjinga av 1980-talet legg opp til ei meir systematisk samanlikning mellom dialekt og skriftspråk i sidemålsundervisninga.

### **3.3 Gjeldande læreplan - L97**

Fagplanen for norsk i L97 har ein annan struktur enn dei to tidligare planane. M74 og M87 beskriv innhaldet i faget, kva emne ein skal arbeide med i norskundervisninga på dei ulike årstrinna og kva arbeidsmåtar ein kan bruke. L97 er laga etter målstyringsprinsippet, og i staden for å strukturere planen etter emne på dei enkelte klassetrinna, er L97 strukturert etter ferdigheits- og aktivitetstypar som er gjennomgåande, både for barne-, mellom- og ungdomstrinnet, og for dei enkelte klassetrinna. Dette gir ei tredeling av fagstoffet og dei faglige aktivitetane, som blir ordna under desse hovudoverskriftene: *lytte og tale, lese og skrive og kunnskap om språk og kultur*. L97 representerer dermed eit brott med tidligare læreplantradisjon, som i større grad delte norskfaget opp i enkeltemne etter innhald.

Sidemålet er derfor ikkje eit eige emne i denne planen, og der det er mulig, blir nemninga sidemål ikkje brukt, men nynorsk og bokmål, slik vi kan sjå i omtalen av felles mål for ungdomstrinnet:

Dei [elevane] skal kunne lese og skrive på nynorsk og bokmål for aktivt å kunne vere med i ein nasjonal skriftkultur og erfare at lesing og skriving utfyller kvarandre i fagleg arbeid og i all skriveopplæring. (L97:Felles mål for ungdomssteget, 8.-10. klassetrinn, ”Lese og skrive”)

Vi ser òg at skriftlig opplæring i begge skriftspråka blir motivert med at elevane skal bli i stand til å delta i ein nasjonal skriftkultur. Både talespråksvariasjon og språkhistorie er emne i norskfaget, men sidemålsopplæringa blir ikkje knytt spesielt til desse emna, slik tilfellet er i M74 og M87. Utvikling av ferdigheter i sidemålet blir behandla under overskrifta ”Lese og skrive”, mens kunnskap om talespråksvariasjon og språkhistorie blir behandla under overskrifta ”Kunnskap om språk og kultur”. Opplæringa i begge skriftspråka er dermed knytt til den generelle skriveopplæringa, og dette er nytt med L97.

Samtidig bryt L97 med den relativt sterke tradisjonen som var skapt gjennom M74 og M87, der samanhengen mellom talespråket (dialektane) og det skriftspråket som var sidemålet – som for fleirtalet var nynorsk – blei gjort til både eit metodisk og eit innhaldsmessig poeng.

Ein ser òg at dei som har utforma L97, bevisst legg vekt på å bryte med det som er blitt oppfatta som undervisningstradisjonen i sidemålsopplæringa: vekt på formelle ferdigheter, rettskriving og skriveøvingar som har korrekt rettskriving i sidemålet som hovudformål:

Elevane møter sidemålet tidleg og får høve til å prøve det ut gjennom lesing og skriving over lengre tid utan at dei skal vurderast. Dei får røynsle med sidemålet som eit bruksspråk, ikkje berre som eit oppgåvespråk og prøvespråk. (L97:Innleiing, ”Arbeidsmåtar i faget”)

I målformuleringane for ungdomssteget blir det lagt vekt på at også sidemålet skal brukas som arbeidsspråk – ein skal altså bruke sidemålet til akkurat dei same formåla som hovudmålet. På slutten av 10. klasse skal elevane ha gode formelle ferdigheter i begge skriftspråka, og arbeidet med formelle ferdigheter skal ikkje vera prinsipielt annleis i sidemålsopplæringa enn i hovudmålsopplæringa. Ein kan seia at med L97 kjem eit funksjonelt syn på skriftspråket inn i sidemålsundervisninga.

Spørsmålet mitt – og tema for denne undersøkinga - er om behandlinga av sidemålet i L97 har fått gjennomslag i lærebøkene. I undersøkinga etter innføringa av L97 svarte som nemnt lærebokutviklarane at fagdelen i læreplanen hadde vore det viktigaste dokumentet i arbeidet med lærebøkene (Bachmann m.fl. 2004:83). Legg læreriverka i norsk opp til å skape ”ein ny tradisjon” i sidemålsopplæringa i tråd med L97?

### **3.3.1 Målformuleringar for sidemålsopplæringa på dei enkelte klassetrinna**

Norskverka for ungdomstrinnet har litt ulike komponentar, men alle grunnbøkene (lærebøkene) er årstrinnsbøker. Etter oppdelinga i emnehefte på 1970-talet, blei tendensen på 1980- og 90-talet at dei norskfaglige emna blei samla i større verk, ofte slik at språklige emne var samla i ei bok, og litterære emne i ei anna. Fleire av bøkene var gjennomgåande for heile ungdomssteget, og læraren kunne i stor grad styre progresjonen i faget. Men nå er det årstrinnsbøker som gjeld.

Når fagstoffet nå porsjoneres ut etter årstrinn, betyr det at lærebokforfatteren styrer progresjonen innenfor et emne sterkere enn i de bøkene som var beregnet for alle tre trinn. (Skjelbred 2001:3)

Det inneber at også sidemålsundervisninga må ”porsjoneras” ut på dei enkelte klassetrinna, og det er rimelig å tru at lærebøkene tar utgangspunkt i målformuleringane for det enkelte klassetrinnet:

## **8. klasse**

I opplæringa skal elevane

- byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk, arbeide med teiknsetjing og arbeide grundig med å tilegne seg korrekt ortografi i hovudmålet (L97, Hovudmoment for 8.–10. klasse, Lese og skrive)

I innleiinga til fagplanen blir det understreka at elevane skal oppleve sidemålet som eit bruksspråk, og denne målformuleringa følgjer opp denne utsegna. Formuleringa markerer eit brott med tradisjonen der ein startar med formverksøvingar – som om nynorsk skulle vera eit fremmendspråk, altså brott med det som er blitt kalla ”fremmendspråksmetodikken” i sidemålsundervisninga.

Samtidig er formuleringa ”sidemål som arbeidsspråk” svært lite spesifikk, og han er først og fremst knytt til ein aktivitet – nemlig å skrive. Hossen skal ei lærebok ta vare på ei slik målformulering? Her er det altså ikkje nemnt i kva samanhengar sidemålet skal brukas, og det er ikkje knytt spesielle kunnskapsmål til denne aktiviteten. Ein kan tenke seg at dette er ei målformulering som først og fremst må bli tatt vare på av læraren i klasserommet, og at det er opp til han eller ho å avgjøra når det passar å bruke sidemålet som arbeidsspråk.

Både lærarar og lærebokforfattarar vil sannsynligvis òg kjenne at å begynne sidemålsopplæringa med å skrive er problematisk – i tradisjonell sidemålsopplæring står jo rettskrivingsøvingar sentralt. Tanken var at ein måtte kunne rettskrivingsreglane før ein kunne begynne å skrive. Men her viser L97 ein annan tenkemåte: ein lærer mens ein skriv, slik som i den første skriveopplæringa, og elevane kan i utgangspunktet svært mye ”sidemål” frå før, både fordi dei har lese tekster frå tidlig på barnetrinnet (og i samanhengar utanfor skolen) på sidemålet, dei bør ha eksperimentert med skriftlig sidemål på mellomtrinnet, og dessutan er det meste felles i nynorsk og bokmål. Opplæring i å bruke ordlister skal elevane dessutan ha begynt med på mellomtrinnet.

Lærebokforfattarar som vil følgje opp denne målformuleringa, kan derfor presentere tekster (læreboktekst og andre tekster) og skriveoppgåver som legg til rette for at elevane kan ”byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk”.

## 9. klasse

I opplæringa skal elevane

- bruke sidemål som arbeidsspråk for skriftleg arbeid i periodar
- arbeide med formverket i sidemålet i tilknyting til tekstar (L97, Hovudmoment for 8.–10. klasse, Lese og skrive)

På niande klassetrinn er kravet til å bruke sidemålet som arbeidsspråk styrkt, nå skal det brukas i heile arbeidsperiodar. Ein kan sjå på denne formuleringa som eit signal om at ein skal arbeide med sidemålet i samanhengande periodar, og ikkje i isolerte enkelttimar, og dermed blir ”ein time i veka-metoden” uakspetabel. Sidemålet skal brukas på same måten som hovudmålet i norskfaget.

Læreplanen konkretiserer ikkje nærmare i kva emne og periodar elevane skal bruke sidemålet, dette er opp til læraren å bestemme. Ein kan tenke seg at lærebokforfattarar vil vegre seg for å låse bestemte emne til sidemålsskriving, men dei fleste lærarar vil nok oppleva det som ein fordel å bruke sidemålet som arbeidsspråk når lærestoffet er i den same målforma. Det vil kunne gi elevane hjelp med formuleringar og faguttrykk. Samtidig vil ein kanskje unngå å skape ein tradisjon der arbeid med sidemålet blir knytt til bestemte emne i norskfaget.

Den andre målformuleringa som gjeld sidemålsopplæringa for 9. klassetrinn, seier at elevane skal arbeide med formverket i tilknyting til tekstar. Denne formuleringa verkar svært bevisst på å bryte tradisjonen med å pugge bøyingsparadigme i rettskrivingsinnlæringa, men han seier ikkje noe om kva type tekstar elevane skal bruke. Her kan ein tenke seg mange typar tekster, spesielt dei tekstene elevane skriv sjølv. Det impliserer òg at raudblyanten ikkje skal vera spesielt aktivt i bruk på 8. klassetrinn. På denne måten kan arbeidet med rettskrivinga individualiseras, slik det er lagt opp til for hovudmålet sin del, og slik det kjem eksplisitt til uttrykk i planen for 5. klassetrinn. Det betyr òg felles tilnærming til rettskrivinga i begge målformer. Ein kan òg tenke seg alle mulige andre typar tekster som kan brukas til dette formålet, og ein kan tenke seg mange tilnærmingar til rettskrivinga, for eksempel at elevane samanliknar skrift og tale, at dei samanliknar rettskrivinga i dei to målformene, eller rett og slett at det i desse tekstene blir arbeidd med ord og formuleringar som læraren (evt. lærebokforfattarane) veit at dei som har bokmål som hovudmål, lett gjør feil i. I lærebøkene må ein rekne med at denne målformuleringa utløyser lærestoff knytt til innøving av formverket, eit ”sidemålskapittel”.

## **10. klasse**

I opplæringa skal elevane

- arbeide med god språkføring og formell dugleik i bokmål og nynorsk knytt til arbeidet med eigne tekstar (L97, Hovudmoment for 8.–10. klasse, Lese og skrive)

I denne målformuleringa er arbeidet med dei formelle sidene ved skriftlig framstilling knytt eksplisitt til arbeidet med eigne tekster. Det betyr at lærarane må veksle mellom å la elevane skrive i begge målformer og la tilbakemeldingar på formelle sider ved tekstene vera ein del av tilbakemeldingane dei får på tekstene sine. Dette vil vera det same enten elevane skriv bokmål eller nynorsk. Her kan det vera aktuelt i ei lærebok å knyte arbeid med sidemålet til generelle kapittel om skriftlig framstilling. Sjølv om det ikkje blir sagt eksplisitt i målformuleringane

for 10. trinn, må vi gå ut frå at sidemålet også i 10. klasse skal brukas som arbeidsspråk, som ei vidareføring av arbeidsmåten på 8. og 9. trinn.

### 3.4 Oppsummering

Som vi har sett, legg L97 opp til ei sidemålsundervisning som blir knytt til arbeid med skriftlig framstilling generelt, og det blir presistert at å skrive på sidemålet skal ha ein funksjon ut over å lære å skrive sidemål. Sidemålet skal opplevas som eit bruksspråk og vera eit arbeidsspråk. Dermed kan vi sjå på L97 som ei styrking av sidemålsopplæringa, i og med at krava til ferdigheiter i bokmål og nynorsk blir presentert i ei felles målformulering utan nivådifferensiering mellom ferdigheitene i dei to målformene på 10. klassetrinn.

Dersom lærebøkene skal dekke måla som gjeld sidemålsopplæringa i L97, er det rimelig at bokmålsutgåvene

- viser nynorsk som bruksspråk i eksempeltekster og i læreboktekst. Med eksempeltekster meiner eg tekster som kjem i tillegg til lærebokteksta ("brødteksta"). Slike tekster kan blant anna vera eksempel på ein sjanger (brev, dagbok, essay, elevtekster, annonsar osv.), dei kan vera kommentarar eller illustrasjonar til bestemte tema (vitsetekningar, dikt osv.) eller vise eksempel på det som blir omtalt i lærebokteksta (teikneserie, avisside osv.)
- har lærestoff som skal hjelpe elevane til å meistre nynorsk rettskriving, med utgangspunkt i tekster, spesielt på 9. trinn.
- gjennom læreboktekst og oppgåver legg til rette for at elevane skal bruke nynorsk som arbeidsspråk i periodar

## 4 Nynorsk som sidemål i lærebøkene

### 4.1 Framgangsmåte

Analysen min er i hovudsak kvantitativ, sjølv om eg i beskrivinga av innhaldet i dei enkelte læreverka også i noen grad kjem inn på presentasjonsmåte og innhaldsmoment. Men det viktigaste uttrykket for hossen sidemålet er behandla i verka, er i denne undersøkinga

kvantitativt. Det inneber at eg har talt sider, tekster og oppgåver som ei beskriving av den plassen sidemålsopplæringa har i læreverka. Ei slik kvantitativ tilnærming gir først og fremst eit bilde av *om* lærebøkene legg opp til å bruke nynorsk som arbeidsspråk, og *i kva omfang* dei viser nynorsk som bruksspråk. Den kvantitative tilnærminga gir òg ei beskriving av *omfang* og *plassering* av lærestoff på dei enkelte klassetrinna. Ei meir kvalitativ tilnærming kunne i tillegg gi meir utfyllande svar på *hossen* nynorsk som bruksspråk blir presentert, for eksempel kva type tekster som ”representerer” nynorsk. Dessutan kan ein i ei vidare, kvalitativ oppfølging studere nærmare metodikken som det enkelte verket legg opp til i nynorskopplæringa. Men den kvantitative tilnærminga som eg i hovudsak har valt, vil få fram data som er relevante for å vise hossen læreverka støttar læraren i arbeidet med å planlegge innhald, progresjon og arbeidsmåtar for nynorsk som sidemål.

Heilt konkret inneber dette at eg i kvar bok har sett på

- om boka har eige kapittel om sidemålsopplæring
- kva omfang dette kapitlet har
- kor i læreboka kapitlet er plassert
- kor mange eksempeltekster læreboka har på nynorsk
- om noen av kapitla om andre norskfaglige emne enn sidemålskapitlet er skrive på nynorsk
- kva omfang desse kapitla har
- om oppgåver til kapittel der lærebokteksta er på bokmål, legg opp til at elevane skal skrive nynorsk
- om oppgåver til tekstene i tekstsamlinga følgjer målforma i tekstene

## 4.2 Læreverka i norsk – heildekande?

Det er seks læreverk i norsk for ungdomstrinnet som dominerer i skolen etter 1997. Alle seks er godkjente til bruk i skolen før godkjenningsordninga blei oppheva i 2000. Dei seks verka er:

1. Allern, Marit og Sissel M. Skjelten: *Ordet er ditt 8, 9 og 10.* J. W. Cappelens forlag
2. Askeland, Norunn, Cecilie Falck-Ytter, Jon Hildrum og Bjørn E. Solheim: *Norsk i åttende(niende, tiende).* Aschehoug

3. Beck, Kari , Tor Gunnar Heggem og Kåre Kverndokken: *Gyldendals norskbøker. Språk og Sjanger*. Gyldental
4. Bonde, Elin, Hein Ellingsen og Hilde Justdal: *Pegasus. Norsk for 8. (9. , 10.) klasse. Språk og litteratur*. Universitetsforlaget
5. Jensen, Marit og Per Lien: *Fra saga til CD. 8 A og B, 9 A og B, 10 A og B*. Forlaget Fag og kultur
6. Sætre, Odd og Ragna Ådlandsvik: *Gjennom språket. Grunnbok i Norsk 8 og 8+, 9 og 9+, 10 og 10+*. Det Norske Samlaget

Dei to mest brukte verka er *Fra saga til CD* og *Pegasus*, med det første verket som klar marknadsleiar. Dei fire andre verka har ein langt lågare, men om lag like stor marknadsandel.

Fleire av verka gir inntrykk av å dekke alle måla i læreplanen, slik det kjem til uttrykk i forordet eller i omtalen frå forlaga, for eksempel slik: ”Boka inneholder både litteraturhistorie, forfattarbiografier og eit rikt utval tekstar, og ho utgjer dermed eit heildekkjande verk i norsk” (forlagsomtale av *Gjennom språket*), ”Verket dekker hele pensum, og behandler språk, litteratur, kunst og kultur helhetlig under den enkelte tidsepoke. Også sidemålsundervisning er integrert i verket” (forlagsomtale av *Fra saga til cd*) og ”Læreboka inneholder det fagstoffet som norskplanen i L97 sier at elevene skal lære på hvert klassetrinn” (forlagsomtale av *Ordet er ditt*).

### **4.3 Gjennomgang av dei enkelte verka**

Nedafor behandlar eg verka i alfabetisk rekkefølgje, ordna etter forfattarnamn, som i lista ovafor.

#### **Verk 1: *Ordet er ditt***

Dette verket består av tre lærebøker – ei for kvart klassetrinn. I tillegg er det ei tekstsamling og ein cd for kvart trinn. I desse tekstsamlingane er det ikkje oppgåver til tekstene – slike oppgåver fins i læreboka. Målforma i oppgåvene følgjer ikkje målforma i tekstene.

## **8. klassetrinn** (277 s.)

Denne boka har eit eige sidemålskapittel på 28 sider med tittelen "Bli kjend med nynorsk". Kapitlet er lagt omtrent midt i boka, (kap. 5 av 8). Første halvdel av kapitlet viser eksempel på nynorsk som bruksspråk gjennom tekster i ulike sjangrar, forklarer kva det vil seia at vi har to jamstilte skriftspråk i Noreg og har tekster og oppgåver som legg til rette for å samanlikne nynorsk og bokmål. Den andre delen av kapitlet inneheld rettskrivingsøvingar ordna etter ordklassar og med bøyingsparadigme. I "Lærerens bok" skriv forfattarane i kommentaren til dette kapitlet blant anna: "I dette kapitlet blir det viktig å vise elevene at nynorsk brukes over alt i samfunnet, på samme måte som bokmål, men at nynorsk brukes av færre." (*Ordet er ditt 8. Lærerens bok*, s. 74)

Dette kapitlet blir følgt av eit kapittel om teikneseriar, bildebøker, plakatar og kunstbilde – som er emne elevane skal arbeide med på 8. klassetrinn etter L97. Kapitlet er på 30 sider, det er skrive på nynorsk, og alle oppgåvene i kapitlet er på nynorsk. I ingressen til kapitlet heiter det at kapitlet er skrive på nynorsk fordi elevane etter læreplanen skal byrje å bruke sidemålet som arbeidsspråk. I kommentaren til kapitlet i "Lærerens bok" skriv forfattarane at dei valde å gi elevane "anledning til å bruke nynorsk sidemål som arbeidsspråk i forhold til et tema som forhåpentligvis er både lystbetont og interessevekkende." (ibid.: 80). Elles har boka 7 eksempeltekster på nynorsk, og oppgåver i andre kapittel enn dei to som er nemnt ovafor, er på bokmål.

## **9. klassetrinn**, 271 s.

Denne boka har òg eit eige kapittel om nynorsk som sidemål. Det er på 31 sider, og det er det siste ordinære kapitlet i læreboka (kap. 12). Dette kapitlet er ei vidareføring av arbeidet med rettskriving i boka for 8. klasse. Innøving av bøyingsparadigme for dei ulike ordklassane står i fokus, men det er lagt inn tekster som er utgangspunkt for arbeidet med dei enkelte ordklassane. Oppgåvene i kapitlet er ei blanding av rettskrivingsoppgåver, frie skriveoppgåver og oppgåver til innhaldet i tekstene.

I denne boka er det ikkje eit kapittel som legg opp til at nynorsk skal vera bruksspråk, slik som i boka for 8. klasse. I ressurspermen for læraren blir dette grunngitt slik: "Grunnen er at vi ikkje ønskjer å styre kva fagstoff sidemålet skal knytas til. Det må det vere opp til dykk som lærarar å avgjere." (*Ordet er ditt 9. Lærerens ressursperm*, s. 201) Elles er det i denne boka få eksempeltekster på nynorsk utanom sidemålskapitlet, og ingen oppgåver oppfordrar

elevane til å skrive nynorsk. Nynorsk er praktisk talt usynlig fram til siste kapittel i denne boka.

### **10. klassetrinn**, 303 s.

Også denne boka har eit eige sidemålskapittel. Det er lagt ganske langt bak i boka, som kap. 11 av 14 kapittel. Kapitlet er på 28 sider. Innhaldet i den første delen av kapitlet er eit variert utval av tekster med ulike skriveoppgåver til. Dei siste 12 sidene er rettskrivings- og formverksøvingar. I kommentaren til dette kapitlet i lærarens ressursperm blir det understreka at sidemålet skal vera bruksspråk, og at elevane skal bruke begge målformene i alt skriftlig arbeid: ”Den same metodikken som vi presenterer i artikkelen ’Elevteksten – kva ser eg og kva seier eg til eleven?’, kan også brukast når elevane skriv tekstar på sidemålet.” (*Ordet er ditt 10. Lærerens ressursperm*, s. 155) Forfattaren oppfordrar elles lærarane til å arbeide individuelt med rettskriving, først og fremst med utgangspunkt i elevanes eigne tekster.

Om vi ser bort frå det litteraturhistoriske kapitlet, er det fire eksempeltekster på nynorsk i denne boka, og ingen oppgåver legg eksplisitt opp til at elevane skal skrive nynorsk. Utanom kapittel 11 gir altså denne læreboka lite støtte til å bruke sidemålet som arbeidsspråk.

### **Verk 2: Norsk i åttende/niende/tiende**

Dette verket består av tre lærebøker (”grunnbøker”) – ei for kvart klassetrinn. I tillegg er det ei tekstsamling til kvart klassetrinn. I desse tekstsamlingane følgjer oppgåvene til tekstene målforma i tekstene. Til verket er det knytt eit arbeidshefte, *Nynorskskriveboka*, på 64 sider. Det er meint for 10. klasse, og har langt lågare salstal enn hovudbøkene. (Sjå kap. 1.2: ”Bruk av tileggsmateriell”)

### **8. klasse**, 232 s.

I boka for 8. klasse blir ikkje sidemålet behandla i eit eige kapittel, men det er eit delemne som blir behandla på 2 ½ side knytt til kapitlet om språkhistorie. Dette kapitlet er plassert midt i boka. Oppgåvene og tekstene på desse sidene legg opp til å vise elevane at nynorsk ikkje er eit fremmendspråk, at dei kan mye nynorsk frå før når dei kan skrive bokmål, og dei varierte rettskrivingsøvingane tar utgangspunkt i små tekster. Rettskrivingsøvingane har eit komparativt perspektiv, og fleire oppgåver ber elevane omsetta frå nynorsk til bokmål – altså omvendt av tradisjonelle omsettingsoppgåver i sidemålsundervisninga. Enkelte oppgåver ber

øg elevane om å samanlikne talemålsformer med skrivemåten i nynorsk. Språkbevisstheit er eit nøkkelord for desse to sidene med rettskrivingsøvingar.

Bortsett frå desse 2 ½ sidene er det svært lite nynorsk i denne boka. Eit eventyr , eit par Hårek-striper og to korte tekster til er alt som fins av eksempeltekster på nynorsk. Det er heller ikkje oppgåver til andre kapittel i denne boka som ber elevane om å skrive nynorsk – altså å bruke sidemålet som arbeidsspråk. Men i lærarpermen er det sett opp punktvis noen råd for sidemålsarbeidet, blant anna slik: ”La høvelig sidemålsstoff komme inn som ein naturlig del i *mange* samanhengar i det daglege skolearbeidet. Og ikkje berre i norskfaget – kvifor ikkje få til eit samarbeid med lærarar i andre fag òg?” (*Norsk i åttende*.

*Lærerveiledning*, s. 39)

Dei fleste læreverka har kopiorinalar i lærarrettleiinga, og desse kopiorinalane er laga til både nynorsk- og bokmålsutgåva av læreverket. Men, så vidt eg kan sjå, er det bare forfattarane til dette læreverket som oppfordrar lærarane til å utnytte dette i sidemålsundervisninga: ”Kopiorinalene foreligger på både bokmål og nynorsk, slik at læreren kan velge om det er hovudmålet eller sidemålet som skal brukes.” (*Norsk i åttende*.  
*Lærerveiledning*, baksidetekst)

## 9. klasse, 248 s.

I denne boka er det eit eige sidemålskapittel. Det er på 35 sider, og det er det andre kapitlet i boka. Dette er eit variert og innhaldsrikt kapittel med mange korttekster som er utgangspunkt for frie skriveoppgåver og varierte rettskrivingsøvingar. Forfattarane vidarefører den kontrastive tilnærminga som dei begynte med i boka for 8. klasse. Kapitlet blir avslutta med noen lengre skriveoppgåver og framlegg til ulike prosjektarbeid med det nynorske språket som tema. Som eit tillegg heilt til slutt i kapitlet er det lagt inn ein minigrammatikk og ei miniordliste.

Det er fleire eksempeltekster på nynorsk i denne boka enn i boka for 8. klasse. Det er mange dikt i kapittel 1 om lyrikk, og vidare utover i boka fins enkelte sakprosatekster på nynorsk.

Enkelte oppgåver i lyrikkapitlet ber elevane om å skrive nynorsk, og ei større oppgåve i kapitlet ”Fra dagbok til essay” (s. 117) krev at ein del av teksta skal vera på nynorsk. Elles skal nynorsk brukas i svaret på eit par oppgåver knytt til stoff om Ivar Aasen og Aa. O. Vinje

(s. 174 og 176), og i ei oppgåve der elevane blir bedt om å argumentere for eller imot ei sak, heiter det: ”Skriv gjerne på nynorsk”. Ei slik formulering minner i alle fall læraren på at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk i periodar. Men noen lengre periodar med nynorsk som arbeidsspråk legg ikkje denne boka opp til.

I lærarrettleiinga for 9. klasse er det ei fyldig kapittel om nynorsk som sidemål. Her drøftar forfattarane hossen ein kan arbeide med nynorsk som sidemål og redusere motviljen mot å skrive nynorsk. Forfattarane understrekar at L97 legg vekt på sidemålet som bruks- og arbeidsspråk, og dei gir råd til lærarane om å bruke sidemålet i mange samanhengar i det daglige skolearbeidet – ikkje bare i norskfaget (*Norsk i niende, lærerveileding*, s. 18)

Tekstsamlinga til denne boka har ein bok med tittelen ”Tekster på nynorsk”, som lærarane blir oppfordra til å bruke i nynorskundervisninga .

## **10. klasse**, 248 s.

”Norsk i tiende” har, som boka for 9. klasse, eit eige kapittel om nynorsk som sidemål. Det er på 23 sider og er, som sidemålskapitlet i niandeklasseboka, det andre kapitlet i boka. Kapitlet har mange rettskrivingsoppgåver knytt til eit variert utval av tekster. Oppgåvene gir skiftande innfallsvinklar til arbeidet med rettskrivinga – det er ikkje lagt opp til at elevane skal pugge bøyingsparadigme. I løpet av kapitlet blir det fleire og litt større friskrivingsoppgåver – altså ein progresjon i arbeidet. Men om det er tilstrekkelig progresjon samanlikna med opplegget i boka for 9. klasse, kan nok diskuteras. Kapitlet blir avslutta med ein minigrammatikk, ei miniordliste og ei ”sjekkliste”.

Vidare utover i boka finn vi enkelte eksempeltekster på nynorsk. Ingen av oppgåvene i andre kapittel enn sidemålskapitlet oppfordrar elevane til å skrive nynorsk. I oppsummeringskapitlet ”Før punktum blir satt” er det ei oppgåve som ber elevane om å vurdere tre elevtekster. Alle tre tekstene er på bokmål. I læreboka er det altså lite utover sidemålskapitlet som minner lærar og elevar om at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk i periodar.

## **Verk 3: Språk og sjanger**

Verket ”Språk og sjanger” har ei grunnbok for kvart klassetrinn. I tillegg har verket eigne bøker for litteratur, litteraturhistorie og nynorskopplæring. Læreboka i nynorsk har ikkje same

forfattar som grunnbøkene til ”Språk og sjanger”. Dette verket er det einaste som viser til eiga bok for arbeidet med nynorsk som sidemål. Dette vil sannsynligvis prege behandlinga av sidemålet i grunnboka. Det har ikkje vore mulig å undersøke om alle som brukar dette verket i tillegg brukar nynorskboka, slik forfattarane oppfordrar til. Litteraturbøkene er reine antologiar utan oppgåver.

#### **8. klasse**, 272 s.

”Litt om nynorsk som arbeidsspråk” er tittelen på eit kort kapittel omtrent midt i boka (s. 92 og 93). Her blir det vist til læreplanen: ”I læreplanen for 8. klasse står det at elevene skal begynne å bruke sidemål som arbeidsspråk. Sidemål for deg er nynorsk. Det betyr at dere skal bruke nynorsk noen ganger når dere skriver.” (Bech m. fl. 1996: Språk og sjanger 8: 92) Etter eit par korte tekster med oppgåver til, avsluttas kapitlet med råd om når nynorsk kan brukas som arbeidsspråk: ”Bruk sidemålet i oppgaver der det passer. Bestem *en* dag der dere bruker nynorsk som arbeidsspråk i alle fag.” (ibid.:93) Her gir altså læreboka råd om å bruke nynorsk i andre fag enn norsk, og dette er i tråd med L97.

Det er 10 eksempeltekster på nynorsk i ulike sjangrar, men det er ingen oppgåver i andre kapittel enn sidemålskapitlet, som oppfordrar elevane til å skrive nynorsk eller bruke sidemålet. Lærarrettleiinga for 8. klasse refererer måla for sidemålsopplæring i L97 og viser elles til *Nynorskboka*

#### **9. klasse**, 268 s.

I boka for 9. klasse er det eit eige sidemålskapittel, og dette er det siste ordinære kapitlet i boka. Det har eit omfang på 12 sider. I kapitlet blir det fokusert på enkle skriveøvingar og formverksøvingar. I innleiinga til kapitlet heiter det: ”Vi meiner det er viktig for deg å begynne å skrive så fort som råd er.” Viss ei slik oppfordring skal ha meinings, føresett det at elevane arbeider med dette kapitlet tidlig i skoleåret. I lærarrettleiinga (s. 12) blir læraren oppfordra til å starte tidlig med sidemålskapitlet, sjølv om det står bakarst i boka.

Det er noen eksempeltekster på nynorsk i boka, men mange av dei er korte dikt, så tekstmengda er ikkje stor – mellom 5 og 10 sider. Det er ingen oppgåver som oppfordrar elevane til å bruke nynorsk utanom sidemålskapitlet. I lærarrettleiinga blir først og fremst dei enkelte oppgåvene i sidemålskapitlet kommentert.

## **10. klasse**, 276 s.

I boka for 10. klasse er også sidemålskapitlet plassert bakarst i boka, som siste ordinære kapittel. Det har eit omfang på 11 sider. Kapitlet har fokus på rettskriving, og inneholder blant anna ordlisteoppgåver, formverksøvingar og enkelte friskrivingsoppgåver. Det har òg korte bokmåltekster som skal omsettas til nynorsk.

Det er ei lengre eksempeltekst på nynorsk i dette verket, ei ungdomsnovelle på 2 ½ side. Elles blir ”Nynorske ungdomsbøker” presentert som eit mulig prosjektarbeid i 10. klasse. ”Nynorsk som arbeidsspråk” blir dermed i all hovudsak overlate til læraren og evt. tilleggsboka i nynorsk. I kapitlet om nynorsk i lærarrettleiinga oppsummerer forfattarane kva stoff verket har om nynorsk som sidemål på dei enkelte trinna og seier: ”Trolig vil elevene ha bruk for en grundigere innføring og gjennomgang enn det, og *Nynorskboka* (Gyldendal 1997) av Bjarne Øygarden kan være et godt alternativ.” (Bech m.fl.1999: Språk og sjanger 10. Lærerens bok:107)

## **Verk 4: Pegasus**

”Pegasus” er eit verk med ei bok for kvart klassetrinn, og lærebok og tekstsamling er integrert i den same boka. Oppgåvene til dei skjønnlitterære tekstene følgjer ikkje målforma i tekstene. Det er to emnehefte knytt til verket: eit om munnlig bruk av språket, og eit om grammatikk og rettskriving. Desse hefta er ikkje med i undersøkinga.

## **8. klasse**, 358 s.

Det er eit eige sidemålskapittel i åttandeklasseboka. Det er på 11 sider, og det er kapittel 16, som er det siste ordinære kapitlet i læreboka. Etter dette kjem bare oversyn over grammatikk og rettskriving. Desse hefta er ikkje med i undersøkinga.

Kapitlet opnar med at elevane skal kommentere eit kunstbilde. Dei mange korttekstene i kapitlet handlar om tema som forfattarane har tenkt seg at elevane vil synas er artige og interessante. Oppgåvene i kapitlet er varierte og veksler mellom omskriving av korte tekster, friskrivingsoppgåver og rettskrivingsoppgåver, med vekt på formverket.

Det er litt problematisk å samanlikne mengda av nynorske eksempeltekster i dette verket med verk som ikkje har integrert tekstsamling, spesielt fordi tekstsamlinga er ordna etter arbeid

med sjanger. Men sett bort frå dei tekstene som sannsynligvis er representative skjønnlitterære tekster som ville vore plassert i tekstsamlinga i læreverk med eiga tekstsamling (slik som tekster av Vesaas, Belsvik, Hovland, Gunerius Eriksen), er det få tekster på nynorsk i denne boka. På den andre sida kan vi seia at sidemålet blir meir synlig i ei bok der dei skjønnlitterære tekstene er integrert i lærestoffet som her. I kapitlet om folkedikting finn vi eventyr og segner på nynorsk, til saman 5 sider, elles er 3 dikt av Einar Økland og klipp frå nynorskutgåva av Donald, som kom på 1980-talet, brukt som eksempeltekster.

## **9. klasse**, 397 s.

Sidemålskapitlet i denne boka er ganske omfangsrikt, det er på 43 sider. Det er det siste kapitlet i boka, kapittel 16.

Tekstene som er brukt i kapitlet, er varierte, og spesielt er det lagt vekt på å finne fram humoristiske tekster. Etter dei første 9 sidene kjem ei systematisk framstilling av skilnader mellom nynorsk og bokmål, samla i 14 ”reglar”. Resten av kapitlet inneholder oppgåver med ulike innfallsvinklar til rettskrivinga, først og fremst formverket, med utgangspunkt i ein del korttekster.

Fordi denne boka er strukturert på same måten som boka for 8. klasse, er det heller ikkje her opplagt kva som er ”eksempeltekster” og kva som er ”tekstsamlingstekster”. Kanskje er dette nettopp eit poeng. I alle fall er det fire tekster på nynorsk (ei av dei er ei elevtekst) i boka i tillegg til eit romanutdrag i kapitlet om romansjangeren og ein god del dikt i kapitlet om lyrikk.

Det er ikkje oppgåvetekster eller andre oppfordringar om å bruke nynorsk som arbeidsspråk i noen av kapitla utanom sidemålskapitlet.

## **10. klasse**, 383 sider

Sidemålskapitlet i denne boka er på 34 sider, og det er kapittel 14 av 16 kapittel - det siste ordinære kapitlet. I innleiinga til kapitlet skriv forfattarane blant anna: ”Tekstene i dette kapitlet spenner over mange emne, og det er ikkje innhaldet som bind kapitlet saman. Gjennom oppgåvene til kvar tekst vil du få repetert viktige bøyingsmønster.” (Bonde m. fl.1997: Pegasus 10: 317). Oppgåvene i kapitlet veksler mellom formverksøvingar,

ordlistebruk, ordvalsoppgåver og friskrivingsoppgåver. Hovudformålet er altså å øve på rettskrivinga og få øving i å skrive nynorsk

Elles er forfattarar som skriv på nynorsk, ganske godt representert blant dei skjønnlitterære forfattarane, spesielt innafor samtidslitteraturen. Men utanom desse tekstene (og tekstene i sidemålskapitlet) er det bare 4 eksempeltekster på nynorsk.

I lærarrettleiinga til Pegasus 10 blir lærarane oppfordra til å bruke sidemålet som bruksspråk: ” Ikke på noen måte er det beregnet at læreren skal ta ett hovedmoment av gangen og undervise i det, for så å ta for seg neste. Altså ikke skriving den ene uka og lesing den neste, eller sidemål en time i uka for å nevne noe. (...) Sidemålet skal fungere som bruksspråk, for eksempel i et tema klassen arbeider med.” (*Pegasus 10*, Lærerveiledning, s. 7)

#### **Verk 5: *Fra saga til CD***

*Fra saga til CD* har to bøker for kvart klassetrinn, A-boka og B-boka. A-bøkene inneholder først og fremst litteraturhistorie og kulturhistorie. Tekstsamlinga er integrert i verket, først og fremst i A-bøkene. Oppgåvene til tekstene følgjer ikkje målforma i tekstene. I B-bøkene finn vi andre norskfaglige emne, for eksempel arbeid med ulike sjangrar, språklige emne og arbeid med ulike massemedium. Tanken er at ein skal veksle mellom å bruke dei to bøkene.

#### **8. klasse, A-boka (213 s.) og B-boka (126 s.)**

I A-boka er det som nemnt først og fremst litteraturhistorie og skjønnlitterære tekster, noe språkhistorie og eit kapittel om teikneseriar. Det er ikkje noe kapittel om sidemålet i denne boka. Noen av dei skjønnlitterære tekstene er naturligvis på nynorsk, men verken gjennom oppgåveformuleringar eller på annan måte blir det lagt opp til at elevane skal begynne å bruke sidemålet som arbeidsspråk.

Heller ikkje i B-boka er sidemålet nemnt. Boka har heller ingen eksempeltekster eller anna stoff på nynorsk – boka er praktisk talt kjemisk fri for nynorsk. I ressursboka for læraren for 8. klasse er det sett opp eit oversyn over målformuleringar som er dekt i lærebøkene for 8. klasse, men formuleringa som gjeld sidemålet på dette årstrinnet, er ikkje tatt med.

#### **9. klasse, A-boka (293 s.) og B-boka (232 s.)**

A-boka har ikkje noe kapittel om sidemålet, men noen få, spreidde oppgåver knytt til språkhistorie og skjønnlitterære tekster på nynorsk oppfordrar elevane til å skrive på sidemålet.

B-boka har derimot eit ganske omfattande kapittel om nynorsk som sidemål på 65 sider. Dette er det første kapitlet i boka. Kapitlet er todelt, der første del (ca 30 sider) opnar med læreboktekst som skal motivere elevane for å arbeide med nynorsk, og denne delen har mange og varierte tekster med ulike skriveoppgåver. I andre del (34 sider) står arbeid med rettskrivinga i fokus. Her finn vi oppgåver knytt til ordlistebruk, men først og frems er dette ein gjennomgang av formverket i nynorsk med oppgåver. I denne delen er det òg ein del korttekster som det er knytt rettskrivingsoppgåver til.

Fem eksempeltekster i andre kapittel er på nynorsk, blant anna eit lengre utdrag frå romanen ”Mercedes” av Ragnar Hovland, men det er ingen oppgåver som oppfordrar elevane til å bruke nynorsk som arbeidsspråk etter kapittel 1.

I ressursboka for læraren for 9. klasse er det ikkje nemnt at sidemålet skal brukas som arbeidsspråk i periodar, men i kommentaren til kapittel 1 er det blant anna nemnt at cd-en til boka inneheld eit kåseri av Are Kalvø som lærarane blir oppfordra til å bruke på foreldremøte. Ei slik oppfordring om å trekke foreldra inn i motiveringa for sidemålsoplæringa er interessant.

#### **10. klasse**, A-boka (365 s.) og B-boka (249 s.)

A-boka inneheld i hovudsak litteraturhistorie med integrert tekstsamling. Sidemålet er ikkje noe tema i denne boka., og det er ingen oppgåver som oppfordrar elevane til å skrive nynorsk.

Bakarst i B-boka er det lagt inn to minigrammatikkar på vel 20 sider kvar – ein for bokmål og ein tilsvarande for nynorsk. Desse er meint som kapittel til oppslag. Ut over dette er det ikkje noe eige kapittel med sidemålet som tema.

B-boka har bare to eksempeltekster på nynorsk: ei strofe frå Voluspá og eit utdrag på 3 ½ side frå ein dagbokroman. Alle andre eksempeltekster er på bokmål, og det er ingen oppgåver i boka som oppfordrar elevane til å skrive nynorsk.

I ressursboka for læraren til dette klassetrinnet er ikkje sidemålet nemnt på annan måte enn at det blir vist til at B-boka inneheld ein minigrammatikk.

### **Verk 6: *Gjennom språket***

*Gjennom språket* består av tre grunnbøker – ei for kvart årstrinn. Bøkene har integrert tekstsamling. Målforma i oppgåvene til desse tekstene følgjer ikkje målforma i tekstene. I tillegg har verket ei ”plussbok” for kvart årstrinn, som er meint for elevar som treng ekstra tid for å tilegne seg det grunnleggande lærestoffet. Dei er tenkt som tilleggsbøker som kan brukas for enkelte emne og i periodar. Desse plussbøkene har eg ikkje tatt med i denne analysen.

#### **8. klasse, 304 s.**

Boka for 8. klasse har eit kapittel om sidemålet, og det er kapittel 13 av i alt 20 kapittel. Det har eit omfang på 12 sider. Kapitlet opnar med noen vitsar på nynorsk, og går deretter over til arbeid med formverket. Det blir brukt tekster som utgangspunkt for arbeidet, men kapitelt er strukturert etter ordklassane. Til tekstene er det òg laga ein del friskrivingsoppgåver.

Det er 11 eksempeltekster på nynorsk i boka, og sjangervariasjonen er ganske stor. Men bare tre av oppgåvene i kapitla utanom sidemålskapitla oppfordrar elevane til å skrive nynorsk gjennom ganske varsame formuleringar, for eksempel: ”Kanskje vil noen prøve å skrive på sidemålet?” (s. 180)

Det er elles ikkje andre signal i boka om at elevane skal byrje å bruke sidemålet som arbeidsspråk.

I lærarrettleiinga blir sidemålskapitlet kommentert, og i innleiinga drøftar forfattarane motivasjon – også hos læraren. Kapitlet gir fleire idear til sidemålsundervisninga, men nemner ikkje eksplisitt at sidemålet skal brukas som arbeidsspråk.

#### **9. klasse, 383 s.**

I niandeklasseboka er sidemålskapitlet lagt sist i boka – det er siste kapittel (kap. 16) før oppslagsdelen. Kapitlet er på 22 sider og er ein gjennomgang av formverket ved hjelp av

tekster, oppgåver og bøyingsparadigme. Oppgåvene er ei blanding av bøyingsoppgåver og friskrivingsoppgåver.

Denne boka har mange eksempeltekster på nynorsk – eg talte 26 – og dette vil eg tru er bortimot halvparten av eksempelmaterialet. Tekstene har stor sjangervariasjon, og dei er spreidd i alle kapitla i boka. Det inneber at nynorsk blir synlig for elevar og lærarar når dei arbeider med denne boka. Det kan òg hende at forfattarane har laga ei lærebok med eksempelmateriale som skal fungere i både nynorsk- og bokmålsutgåva av boka.

Det er ikkje læreboktekst på nynorsk utanom sidemålskapitlet, og det er fem spreidde oppgåver (utanom sidemålskapitlet) som ber elevane skrive på nynorsk eller på sidemålet.

I kommentaren til sidemålskapitlet i lærarrettleiinga heiter det: ”Den meir systematiske nynorskundervisninga tek til i 9. klasse.” Vidare får læraren ein liten språkhistorisk leksjon, og det blir skrive ein del om kva som kan motivere elevane for å arbeide med nynorsk som sidemål. Det blir ikkje nemnt at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk i periodar, og kapitlet i lærarrettleiinga gir inntrykk av å ikkje vera oppdatert i samsvar med L97.

## **10. klasse**, 283 s.

Sidemålskapitlet i denne boka er på 20 sider, og det ligg i andre halvdel av boka, som kapittel 8 av 17 kapittel. Kapittel 8 har eit parallelt kapittel i nynorskutgåva av boka, og dette kapitlet skal fungere som ”sidemålskapittel” for elevar med bokmål som sidemål. Halvparten av tekstene som er utgangspunkt for oppgåver, er derfor på bokmål, men alle oppgåveformuleringane og anna læreboktekst i bokmålsutgåva er på nynorsk. På denne måten synliggjør læreboka at også bokmål kan vera sidemål.

Oppgåvene til dei innlagte tekstene i kapitlet fokuserer på formverk og rettskriving, med ein del friskrivingsoppgåver innimellom.

Bakarst i boka er det ein minigrammatikk til oppslag.

I tiandeklasseboka er det langt færre eksempeltekster på nynorsk enn i boka for 9. klasse. Eg fann 9 tekster, men to av dei er lengre avisreportasjar som er gode eksempel på nynorsk som daglig bruksspråk.

Det er så å seia ingen oppgåver som oppfordrar elevane til å skrive nynorsk utanom sidemålskapitlet. I kapitlet om nordiske språk blir elevane bedt om å omsetta ei dansk og ei svensk tekst til sidemålet, og elles i boka er det ei friskrivingsoppgåve der elevane blir bedt om å velje målform.

I kommentaren til sidemålskapitlet i lærarrettleiinga understrekar forfattarane at elevane må bade i tekster på sidemålet, og at dei må få arbeide mye med frie skriveoppgåver på sidemålet. Sidemålet som arbeidsspråk i andre norskfaglige emne er ikkje eksplisitt nemnt.

## 5 Resultat og drøfting

### 5.1 Sidemålskapitla

Omfanget og plasseringa av sidemålskapitla kan som nemnt ha noe å seia for når læraren begynner å arbeide med sidemålsopplæringa, og kor mye tid som blir brukt. Sidemålskapitla i lærebøkene for ungdomstrinnet har som målsetting at elevane skal lære nynorsk rettskriving, men gjennom varierte tilnærningsmåtar.

Tabell 1: Sidemålskapittel, omfang og plassering

VERK	KLASSETRINN	SIDEMÅLS-KAPITTEL	OMFANG	PLASSERING
<b>Ordet er ditt</b>	8	Ja	28 s.	Kapittel 5 av 8
	9	Ja	31 s.	Siste ordinære kapittel
	10	Ja	28 s.	Kapittel 11 av 14
<b>Norsk i åttende/niende/ tiende</b>	8	Delemne i eit anna kapittel	2 ½ s.	Midt i boka
	9	Ja	35 s.	Kap. 2
	10	Ja	28 s.	Kapittel 2
<b>Språk og sjanger</b>	8	Ja	2 s.	I første halvdel av boka
	9	Ja	12 s.	Siste ordinære kapittel
	10	Ja	11 s.	Siste ordinære kapittel
<b>Pegasus</b>	8	Ja	11 s.	Siste ordinære kapittel
	9	Ja	43 s.	Siste kapittel
	10	Ja	34 s.	Kapittel 14 av 16
<b>Fra saga til CD</b>	8 A + B	Nei	-	-
	9 A + B	Ja	65 s.	Kapittel 1
	10 A + B	Nei	-	Tillegg bakarst i boka: Minigrammatikk, 23s. til oppslag
<b>Gjennom språket</b>	8	Ja	12 s.	Kapittel 13 av 20
	9	Ja	22 s.	Siste ordinære kapittel
	10	Ja	20 s.	Kapittel 8 av 17

### 5.1.1 Omfang

Alle verka har kapittel om nynorsk som sidemål, men både omfang på dei enkelte trinna og plassering i bøkene varierer. Omfanget totalt sett i verka varierer mellom 25 og 88 sider.

Verket som har 25 sider, oppfordrar til å bruke ei tilleggsbok, og dette kan vera forklaringa på det låge sidetalet samanlikna med dei andre verka. Dei fem resterande verka varierer mellom 88 og 54 sider.

Dei fleste verka har eitt sidemålskapittel i kvar av dei tre årstrinnsbøkene, med *Fra saga til cd* som unntak. Dette verket har sidemålskapittel bare i boka for niande klassetrinn. Dette er til gjengjeld ganske omfangsrikt.

Eit interessant og rikhaldig kapittel om nynorsk kan naturligvis gi eit godt utgangspunkt for elev og lærar til å ta i bruk nynorsk som arbeidsspråk i andre samanhengar. Men spørsmåla blir: Kor lenge skal elevane skrive for å øve seg på å skrive nynorsk rett? Og: Kor gode må elevane vera i nynorsk rettskriving før dei kan bruke nynorsk som arbeidsspråk? Når ein konsentrerer denne opplæringa til eitt klassetrinn i eit ganske omfangsrikt kapittel, slik *Fra saga til cd* gjør, kan nynorsk som sidemål få preg av å vera eit eige emne i norskfaget som ein arbeider seg gjennom og blir ferdig med, spesielt viss ikkje læreboka inspirerer til å bruke nynorsk som arbeidsspråk i andre samanhengar. I dei aller fleste sidemålskapitla, ikkje bare i verket som er nemnt ovafor, er det mange tekster og skriveoppgåver som godt kunne vore innpassa i andre emne, og ein kunne brukt nynorsk som arbeidsspråk i desse emna, eller i delar av desse emna.

Det er òg opplagt at viss ein skal lære rettskriving, må ein ha fokus på rettskriving – som leser og skrivar, og gjennom systematisk tilnærming til rettskrivinga. Derfor må og skal vi akseptere at det blir brukt tid på sidemålet, på linje med andre emne i norskfaget. Eg skal ikkje gå nærmare inn på metodikken her, men med tanke på at sidemålet skal brukas som arbeidsspråk på alle tre trinna i ungdomsskolen, kan det vera fornuftig å spreie rettskrivingsopplæringa på alle trinna.

Det har dei fleste verka gjort, men omfanget av kapitla som har skriveøvingar og rettskriving i fokus, varierer på 8. trinn frå 2 sider til 28 sider. Dette kan bety at forfattarane er ueinige om kor mye som skal til av opplæring før elevane kan begynne å bruke nynorsk som

arbeidsspråk, men det kan òg skyldas andre faglige prioriteringar som er gjort i arbeidet med læreverket.

Utan å drøfte innhaldet i sidemålskapitla i detalj er det likevel klart at det er tendensar til å fornye metodikken i rettskrivingsopplæringa i tråd med L97, spesielt når det gjeld måten tekster blir brukt på i rettskrivingsopplæringa. Det er mindre systematisk gjennomgang av formverket enn i eldre lærebøker i nynorsk som sidemål og større variasjon i tilnærminga til rettskrivinga. Arbeid med formverket er heller ikkje nødvendigvis ein dårlig metode fordi han blir oppfatta som keisam og er blitt kritisert. Elevane får dessutan bruk for kunnskapen om grammatiske kategoriar som dei har arbeidd med på barnetrinnet, og som går inn i det vidare arbeidet med grammatikk på ungdomstrinnet. Det kan vera gevinstar med ei slik tilnærming til sidemålet som går ut over å tilegne seg korrekt rettskriving.

Elevar arbeider med rettskriving på ulike måtar, og det bør forskas meir på kva metodar som kan fungere godt i sidemålsopplæringa – spesielt fordi rettskrivinga i nynorsk har svært mange fellestrekks med rettskrivinga i bokmål. Fleire av læreverka legg vekt på å fortelje elevane nettopp dette for å motverke holdninga til nynorsk som eit fremmendspråk. Noen av læreverka legg opp til ei kontrastiv tilnærming som vekslar mellom å samanlikne nynorsk og bokmål, og talemålet til elevane og dei to skriftspråka. Å bygge opp språkbevisstheit hos elevane kan vera ein fruktbar innfallsvinkel til rettskrivinga.

### **5.1.2 Plassering i bøkene**

Enkelte lærarrettleiingar oppfordrar lærarane til å begynne tidlig med sidemålsopplæringa, sjølv om sidemålskapitlet er plassert langt bak i boka. Det bør vera opplagt for ein lærar å ikkje følgje disposisjonen av stoffet i ei lærebok slavisk, sjølv om det også kan opplevas som enklare å følgje progresjonen læreboka enn å ”hoppe fram og tilbake”. Men plasseringa av eit kapittel kan seia noe om lærebokfattarenes prioritering av emnet, eller om kva tankar dei har om når det vil vera naturlig å arbeide med sidemålet. Viss læreboka elles legg opp til at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk, kan ein tenke seg at eit kapittel lagt langt bak i boka kan fungere som eit kapittel ein brukar etter behov, for eksempel til oppslag eller som eit kapittel der ein finn individuelt tilpassa ekstraoppgåver. Av dei fem bøkene som har sidemålskapittel i åttandeklasseboka, har tre plassert sidemålskapitlet omtrent midt i boka,

mens ei bok har kapitlet i siste halvdel av boka, og ei har sidemålskapitlet som siste kapittel. Det er altså ikkje ei eintydig ”tilleggspllassering” av sidemålskapitla i bøkene på 8. klassestrinn.

Undervisningstradisjonen vil òg spele inn – arbeidet med sidemål har tradisjonelt ikkje vore det første emnet ein begynner med på ungdomstrinnet. Ei ganske fersk undersøking blant norsklærarar i Bærum viste for eksempel at 39 % av lærarane begynner sidemålsopplæringa i 8. klasse, mens 57 % svarer at dei tar til i 9. klasse (Steinsvik Nordal 2004). Men når L97 seier at elevane skal begynne å bruke sidemålet som arbeidsspråk i åttande klasse, vil nok mange lærarar oppleva det som ein fordel å få støtte til dette frå læreboka før siste kapittel, og støtte frå lærebøkene kan inspirere fleire til å begynne i 8. klasse.

Når det gjeld plasseringa i bøkene for niande klasse, deler verka seg i to grupper: dei som har sidemålskapitlet fremst i boka, og dei som har det til slutt. I *Fra saga til cd* er sidemålskapitlet kapittel 1, i *Norsk i niende* er det kapittel 2. Begge desse verka signaliserer dermed raskt at elevane skal lære å skrive nynorsk i niande klasse. Dei fire andre verka har alle sidemålskapitlet som siste ordinære kapittel i læreboka. Denne plasseringa må òg sjåas i samanheng med hossen sidemålet er behandla i dei tilsvarande bøkene for 8. klasse. *Fra saga til cd* har ikkje noe sidemålskapittel i boka for åttande klasse, og dermed kjem nynorskopplæringa nå ”med full tyngd”. Eg har kommentert omfanget på dette kapitlet ovafor, og ein kan seia at læreplanen til ein viss grad legg føringar for dette fokuset, fordi det er på dette trinnet sidemålsundervisninga får kjent og konkret innhald. *Norsk i niende* hadde innleiande rettskrivingsøvingar på 2 ½ side i åttandeklasseboka, og verket følgjer nå opp med eit meir omfangsrikt kapittel (35 s.) langt framme i niandeklasseboka. Plasseringa i desse to bøkene kan tyde på ei prioritering av sidemålet, men ein slik konklusjon har eg nyansert i kommentaren til plasseringa i åttandeklassebøkene. Eg vil òg komma nærmare inn på denne problemstillinga når eg ser på heilskapen i verka.

Også i bøkene for tiande klasse har dei fleste bøkene eit sidemålskapittel med tekster, skriveoppgåver og formverks- og rettskrivingsøvingar. Unntaket er *Fra saga til cd* som har ein minigrammatikk sist i boka. Denne er meint som eit kapittel til å slå opp i, og er ikkje eit kapittel som elevane skal arbeide systematisk med. *Norsk i tiende* har, som einaste lærebok, sidemålskapitlet langt framme i boka – kap. 2. *Gjennom språket* har lagt kapitlet midt i boka, mens dei tre andre har plassert sidemålskapitlet langt bak i boka. Lengda på kapitla i dei fem bøkene med eigne sidemålskapittel, varierer mellom 11 og 34 sider.

I eitt av verka heiter det i innleiinga til kapitlet: ”Tekstene i dette kapitlet spenner over mange emne, og det er ikkje innhaldet som bind kapitlet saman. Gjennom oppgåvene til kvar tekst vil du få repetert viktige bøyingsmønster.” (Bonde m. fl.1997: *Pegasus* 10: 317). Det kan vera mange grunnar til at bøkene for 10. klasse har kapittel med fokus på rettskrivingsøvingar – og undervisningstradisjonen og læreboktradisjonen er to av dei. Dessutan veit dei fleste som har arbeidd med norsk på ungdomstrinnet, at mange elevar med bokmål som hovudmål er dårlig motivert for å lære å skrive nynorsk, og dei gjør mange formelle feil. Men om enda eit kapittel med fokus på formverket er rett medisin, kan det vera grunn til å diskutere.

## 5.2 Nynorsk som bruksspråk og arbeidsspråk

Når læreplanen seier at elevane skal oppleva sidemålet som eit bruksspråk, betyr det at lærarane må vise hossen begge dei norske skriftspråka blir brukt, for eksempel i massemedia, offentlig forvalting osv. og sørge for at elevane får tilgang til ulike typar ”brukstekster” på begge målformer. Fordi bokmål dominerer i det norske samfunnet, er det heilt ubegrenset å vise bokmål som bruksspråk for nynorskelevar. Det kan krevja litt meir bevisst innsats å vise breidda i nynorsk som bruksspråk for bokmålselevar. Gjennom eksempeltekster som lærebokforfattarar vel, kan dei støtte læraren i arbeidet med å vise nynorsk som bruksspråk.

Når elevane skal bruke sidemålet som arbeidsspråk i periodar, må lærar og elevar bestemme dette. Men lærebøkene kan gi støtte til å oppfylle dette målet, blant anna gjennom å ha enkelte kapittel og ein del av oppgåvene i lærebøkene på sidemålet.

Tabell 2: Nynorsk som bruksspråk (eksempeltekster) og arbeidsspråk (læreboktekst og oppgåver)

VERK	TRINN	EKSEMPEL-TEKSTER PÅ NYNORSK*	LÆREBOKTEKST PÅ NYNORSK - SIDEMÅLET SOM ARBEIDSSPRÅK I PERIODAR	OPPGÅVER PÅ NYNORSK NÅR TEKSTENE ER PÅ NYNORSK
<b>Ordet er ditt</b>	8	7	Kap. 6, "Ord og bilet", 30 s.	Nei
	9	8	Nei	Nei
	10	4	Nei	Nei
<b>Norsk i åttende/niende/tiende</b>	8	5	Nei	Ja
	9	5	Nei	Ja
	10	8	Nei	Ja
<b>Språk og sjanger</b>	8	10	Nei	Antologi utan oppgåver
	9	9	Nei	Antologi utan oppgåver
	10	2	Nei	Antologi utan oppgåver
<b>Pegasus</b>	8	5	Nei	Nei
	9	4	Nei	Nei
	10	4	Nei	Nei
<b>Fra saga til CD</b>	8 A + B	0	Nei	Nei
	9 A + B	5	Nei	Nei
	10 A + B	2	Nei	Nei
<b>Gjennom språket</b>	8	11	Nei	Nei
	9	26	Nei	Nei
	10	9	Nei	Nei

\* Eg gjør merksam på at tekster i integrert tekstsamling ikkje er rekna med i kolonnen for eksempeltekster.

### **5.2.1 Eksempeltekster**

Ei eksempeltekst i ei lærebok skal først og fremst vera eit godt eksempel på det lærebokforfattarane vil vise, men ei eksempeltekst kan jo ha fleire funksjonar. Når ei lærebok brukar eksempeltekster på både nynorsk og bokmål, viser dette at vi har to offisielle variantar av norsk skriftspråk, og denne vekslinga vil også vera eksempel på at dei begge er bruksspråk i det norske samfunnet. L97 legg nettopp vekt på at elevane skal oppleva sidemålet, som i bokmålsutgåvene er nynorsk, som eit bruksspråk.

Å oppgi talet på tekster, slik det er gjort i tabellen, kan gi eit skeivt inntrykk, for her er både korte og lange tekster rekna som ei tekst. Å telje sider er heller ikkje uproblematisk, å operere med 1/4 sider osv. er ikkje tilfredsstillande. Tala må først og fremst oppfattas som indikatorar på i kva grad tekster på nynorsk er brukt som eksempeltekster i bøkene.

Generelt har læreverka relativt få eksempeltekster på nynorsk i andre kapittel enn sidemålskapitla, og skjønnlitterære sjangrar, spesielt lyrikksjangeren, er ”overrepresentert”. Sakprosatekster (for eksempel avisartiklar og reklameannonsar) er det lite av, og dei aller fleste eksempla på elevtekster er på bokmål. Eit verk som utmerkar seg positivt, er *Gjennom språket*, spesielt boka for niande klasse. Denne boka har 26 eksempeltekster på nynorsk spreidd i dei fleste kapitla i boka, og mange ulike sjangrar er representert. Det verket som kjem dårligast ut når det gjeld eksempeltekster på nynorsk, er *Fra saga til cd*, som ikkje har eksempeltekster på nynorsk i det heile tatt i bøkene for 8. klasse, bare 5 i bøkene for niande klasse, og 2 i tiandeklassebøkene.

Fordi nynorsk er det mindre brukte av dei to skriftspråka, kan det krevje meir omfattande og bevisst leiting for å finne fram til dei gode, autentiske eksempeltekstene på nynorsk, og læraren bør få hjelp av lærebøkene til dette. I eksempeltekster som forfattarane produserer sjølv, eller som blir skrive for verket, burde det ikkje vera noe problem å veksle mellom skriftspråka.

### **5.2.2 Nynorsk som arbeidsspråk**

Alle sidemålskapitla i læreverka har som hovudformål å gi elevane opplæring i rettskrivinga og gi dei trening i å skrive nynorsk. Dette er altså kapitel som primært oppfyller

målformuleringsa for niande klasse i L97: Elevane skal (...) - *arbeide med formverket i sidemålet i tilknyting til tekstar* (L97, Hovudmoment for 8.–10. klasse, Lese og skrive) Å lære å skrive nynorsk er naturligvis ein del av arbeidet i norskfaget, og mange av oppgåvene til tekstene i desse kapitla legg til rette for å skrive i ulike sjangrar osv., men kapitla oppfyller neppe intensjonane i L97 om å bruke sidemålet som arbeidsspråk. Fleire av kommentarane og oppfordringane til lærarane i lærarrettleiingane indikerer at også lærebokfattarane er klar over dette, for eksempel når forfattarane ber lærarane sjølv legge til rette for at elevane får skrive mye og ofte på sidemålet.

Dei fleste verka overlet til læraren å bestemme når sidemålet skal vera arbeidsspråk. Bare åttandeklasseboka til verket *Ordet er ditt* har eit kapittel utanom sidemålskapitlet på nynorsk. Dette kapitlet kjem rett etter sidemålskapitlet, som skal ha førebudd elevane på å bruke nynorsk som arbeidsspråk gjennom kortare skrive- og rettskrivingsøvingar. Denne måten å inspirere til å bruke nynorsk som arbeidsspråk blir ikkje følgt opp i bøkene for 9. og 10. klasse. Her utmerker ikkje dette verket seg samanlikna med dei andre verka.

Årsakene til at bare ei av dei 21 lærebøkene eg har undersøkt (6 verk, tre klassetrinn, A- og B-bøker for eitt av verka) i norsk har læreboktekst på nynorsk i bokmålsutgåvene, kan vera at lærebokfattarar ikkje vil binde bestemte emne til nynorsk som arbeidsspråk. Men lærebokfattarar (og forlag) gjør svært mange andre norskfaglige val i arbeidet med eit læreverk. Dei fleste gir i lærarrettleiinga uttrykk for at det er viktig at elevane les og skriv mye på sidemålet, så det er semje om at dette er ein pedagogisk fordel. I noen av lærarrettleiingane blir òg dårlig motivasjon hos elevane nemnt som eit problem i sidemålsopplæringa. Det vi òg veit, er at lærebøkene har autoritet. Når læreboka legg til rette for å skrive nynorsk, støttar dette opp om læraren sin autoritet, og det kan vera ein fordel i arbeidet med nynorsk som sidemål. Viss læreverka i norsk i større grad veksler mellom å ha læreboktekst på nynorsk og bokmål, hadde læraren mange muligheter til å velje den eine eller den andre målforma som arbeidsspråk. Ei slik løysing ville i mindre grad låse ”sidemålet som arbeidsspråk” til eitt eller to utvalde kapittel.

I lærarrettleiinga til *Gjennom språket* blir det sagt at elevane bør bade i tekster på sidemålet. Det krev ekstra innsats å trekke inn gode tekster på nynorsk frå andre kjelder enn læreboka, særleg når ein er lærar i eit område der bokmål er det dominante skriftspråket. Her kunne lærebøkene gi større hjelp til læraren som underviser i nynorsk som sidemål. Elevane som har

bokmål som sidemål, badar uansett i ”tekster på sidemålet”, og det er ikkje sikkert at elevar med bokmål som sidemål vil ha same behov for ei språkkløyvd lærebok. Ein kan diskutere om lærebokforfattarar i større grad bør ta pedagogiske omsyn i sidemålsopplæringa, og i mindre grad kjenne seg bunde av tradisjonell språkpolitikk. I ressursboka for læraren til *Gjennom språket* heiter det for eksempel: ”Undervisninga i dette emnet [nynorsk som sidemål] er truleg i ein viss monn knytt til den motivasjonen og holdninga læraren sjølv har, på linje med fag og emne der det er spørsmål om politisk eller religiøst syn” (*Gjennom språket. Ressursbok for læraren 9/9+*, side 98).

På den andre sida seier opplæringslova: ”I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.” (Opplæringslova §2-5). Dette kan vera ein grunn til at lærebokforfattarar og forlag nøler med å gi tekst på nynorsk for stor plass i bokmålsutgåvene av læreverka. Men læreplanen seier samtidig at elevane skal ha gode ferdigheiter i begge målformer, og slik sett kan dette punktet i mållova vera eit hinder for å legge til rette for god opplæring i nynorsk som sidemål. Lærebøker i andre fag har ikkje det same kravet til målform, og det kan vera aktuelt å trekke inn andre fag i sidemålsopplæringa, slik det blir oppfordra til i enkelte av lærarrettleiingane. Å bruke sidemålet (her:nynorsk) som arbeidsspråk i andre fag vil nettopp oppfylle kravet i læreplanen om at elevane skal oppleva sidemålet som bruksspråk i mange samanhengar. Vi har sett fleire forsøk med slike ordningar, blant anna ved Holmlia skole i Oslo og ved Åndalsnes ungdomsskole.

Ein kan òg tenke seg at lærebokforfattarar nøler med tanke på at mye tekst på nynorsk kan forvirre elevane og svekke ferdigheitene i å skrive bokmål. Dette er det ikkje noe vitskaplig belegg for, men at både lærarar og lærebokforfattarar kan ha ei meining om dette, er naturlig. Men det er jo nettopp denne vekslinga i det norske språksamfunnet L97 legg opp til at elevane skal bli fortrulige med og bli i stand til å delta i som aktive språkbrukarar, og her er nynorskbrukarane i ein heilt annan situasjon enn bokmålsbrukarane. Dei les om lag like mye bokmål som bokmålsbrukarane. Skolen er ein pedagogisk institusjon som skal gi opplæring, og som må handle deretter. Det kan for eksempel innebera at det mindre synlige og mindre brukte av dei to norske skriftspråka må vera meir synlig og meir bevisst brukt i skolen enn elles i samfunnet. Det kan òg innebera at lærebokforfattarar, skolar og lærarar må ta omsyn til at språkmiljøet er annleis for elevar med nynorsk som opplæringsmål enn for elevar med bokmål som opplæringsmål, og at statusen til dei to skriftspråka er ulik – med konsekvensar

for motivasjonen hos elevane. Elevar med nynorsk som hovudmål opplever i mye større grad enn dei fleste elevane med bokmål som hovudmål vekslinga mellom dei to skriftspråka.

Fleire av verka har enkelte, spreidde oppgåver som ber elevane om å svare på nynorsk, men det er alt for få til å kunne seia at noen av verka legg opp til at nynorsk skal vera arbeidsspråk gjennom desse oppgåvene. Alle verka har naturligvis tekster på nynorsk i tekstsamlingane (i hovudsak skjønnlitterære), men bare eitt av verka, *Norsk i åttande/niende/tiende* har konsekvent oppgåver til desse tekstene på nynorsk. Oppgåvene i tekstsamlingane til dette verket er samla i bolkar, og her er det da ei veksling mellom dei to skriftspråka innafor bokane. Slik legg verket opp til at både nynorsk og bokmål kan veksle som arbeidsspråk i arbeidet med (i hovudsak) skjønnlitterære tekster.

## 6 Konklusjon og nye spørsmål

Hovudkonklusjonen etter å ha sett på behandlinga av sidemålsopplæringa i læreverka i norsk for ungdomstrinnet er at tradisjonen med å halde sidemålsopplæringa innafor avgrensa kapittel og elles gjøra sidemålet (her : nynorsk) lite synlig, ser ut til å stå sterkt – trass i L97. Ein kan også seia at den tradisjonelle sidemålsopplæringa er relativt godt ivaretatt. Den store endringa i sidemålsopplæringa som L97 legg opp til, nemlig å bruke nynorsk som arbeidsspråk, er derimot langt dårligare tatt vare på i læreverka. I det mest brukte verket, *Fra saga til cd*, er det praktisk talt ikkje noe som legg til rette for at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk i andre emne enn i sidemålskapitlet i niandeklasseboka. *Norsk i åttande/niende/tiende* legg derimot opp til at nynorsk skal brukas som arbeidsspråk i arbeidet med tekstene i tekstsamlinga, og dette verket har sidemålskapittel langt framme i bøkene på alle tre årstrinna. Det kan derfor sjå ut til at forfattarane av dette verket eit godt stykke på veg har lagt til rette for ei sidemålsopplæring i tråd med L97, men dei har ikkje gått så langt som å ha læreboktekst i andre kapittel enn sidemålskapitlet på nynorsk. Verket utmerker seg heller ikkje gjennom spesielt mange eksempeltekster som kan vise nynorsk som bruksspråk.

Dersom ein ser på formuleringa i L97 om å bruke sidemålet som arbeidsspråk, som ei endring i arbeidsmåte, samsvarar resultata frå denne studien med funna til forskarane som evaluerte implementeringa av L97:

Det vart satsa svært mykje på å gje ut nye læreverk i samband med Reform 97. Desse bøkene gjev lite hjelp i å utvikle dei aktivitetsorienterte arbeidsmåtane. Svært få av

desse bøkene har eit innhald som kan reknast som ei hjelp til å skape dei pedagogiske endringane som reforma føresette (Haug 2003:98).

Samtidig er det grunn til å drøfte kva plass lærebøkene kan og bør ha i ein slik samanheng, og da må ein naturligvis sjå på kva pedagogiske endringar det er snakk om.

## 6.1 Nye problemstillingar

Dei fleste læreverka gir læraren god støtte i arbeidet med nynorsk rettskriving, men læraren må i stor grad legge opp til å bruke nynorsk som arbeidsspråk og vise nynorsk som bruksspråk uavhengig av lærebøkene. I kva grad lærarane gjør det, må vi ut i klasserommet for å få kunnskap om.

Lærarkompetanse, erfaring og motivasjon spelar for dette emnet, som for andre emne i skolen, ei stor rolle for hossen den faktiske undervisninga blir lagt opp. Intensjonane til lærebokforfattarane – slik dei kjem til uttrykk i lærarrettleiingane – er gode, men dei kan ofte bli bevart som gode intensjonar som få lærarar les – eller er i stand til å setta ut i livet.

Lærebokforfattarane føresett i alle fall god kunnskap om nynorsk hos læraren: ”Vi vil også nevne at en måte er å innføre sidemålet på, er at elevene svarer på enkle oppgaver på sidemål når teksten er skrevet på sidemålet. (...) Vår erfaring er at slike oppgaver fungerer godt – særlig når læreren kan være ”levende ordliste” og svare på hva ord heter etter hvert som elevene spør.” (Lærarrettleiing, Pegasus 8)

Eit anna spørsmål blir også kva lærarutdanningane gjør for å sikre god lærarkompetanse i samsvar med måla for sidemålsopplæring i L97. Får lærarstudentar faglig ballast som kan setta dei i stand til å arbeide så sjølvstendig med sidemålet, spesielt nynorsk som sidemål, som L97 og læreverka i norsk legg opp til? I prosjektet ”Nynorsk som sidemål” er det også gjort ei kartlegging av nynorskundervisninga og didaktisk refleksjon knytt til opplæringa i nynorsk som sidemål ved høgskolane som gir allmennlærarutdanning. Resultata frå denne kartlegginga viser at det er lite didaktisk refleksjon knytt til emnet nynorsk som sidemål i den obligatoriske delen av norskfaget i lærarutdanninga (Jansson 2004). Det kan vera grunn til å drøfte om denne delen av norskundervisninga ved lærarutdanningsinstitusjonane bør styrkas.

Dei fleste læreverka i norsk for ungdomstrinnet startar sidemålsopplæringa ”forsiktig”, med ei bevisstheit om at det først er på ungdomstrinnet ein begynner med systematisk sidemålsopplæring. Men L97 har følgt opp intensjonane i M87, som seier at elevane bør begynne å eksperimentere med å skrive på sidemålet allereie på mellomtrinnet. Vidare studiar bør derfor sjå på både lærebøker og undervisningspraksis på mellomtrinnet og sjå om desse intensjonane blir følgt opp.

Sjølv om det er bestemt at det skal vera bare ein skriftlig eksamen i norsk i grunnskolen, skal elevane prøvas i både hovud- og sidemålet denne dagen. Dessutan skal det også vera nasjonale prøver i sidemålet. Arbeid med nye læreplanar, som etter planen skal tre i kraft hausten 2006, er begynt, og parallelt med arbeidet med nye læreplanar har arbeidet med nye læreverk starta opp. Det er derfor god grunn til å halde fram arbeidet med å vidareutvikle og fornye sidemålsopplæringa på alle plan og nivå i skoleverket.

## Litteratur

Bachmann, Kari E. 2004: ”Læreboken i reformtider - et verktøy for endring?” I Imsen, Gunn (red.): *Det ustyrlige klasserommet : om styring, samarbeid og læringsmiljø i grunnskolen* Oslo. Universitetsforlaget

Bachmann, Kari, Kirsten Sivesind, Azita Afsar og Stefan Hopmann 2004: *Hvordan formidles læreplanen? En komparativ evaluering av læreplanbaserte virkemidler – deres utforming, konsistens og betydning for læreres praksis*. Høyskoleforlaget AS i samarbeid med Høgskolen i Agder. Lasta ned frå Internett 12.11.2004:

<http://program.forskningsradet.no/reform97/uploaded/nedlasting/Hopmann.pdf>

Fauskanger, Janne 2001: ”Arbeidsbøker koster!” 1. klasses arbeidsbøker i matematikk – en økonomisk diskusjon. I *Fokus på pedagogiske tekster* 2. Notat 7/2001. Høgskolen i Vestfold: Biblioteket. <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2001-07/not7-2001-05.html> Lasta ned 23.04.04

Forsøksrådet 1973: *Norsk i sammenholdte klasser. Nynorsk 1 – 2.* Forsøkstekst. Forsøksrådet for skoleverket/Gyldendal

Forsøksrådet 1976: *Rapport om forsøket Norsk i sammenholdte klasser.* Forsøksrådet for skoleverket

Gustafsson, Christina 1982: "Läromedlens styrande funktion i undervisningen. En empirisk studie". I Lundgren, Ulf P., Gunilla Svingby og Erik Wallen (red.): *Läroplaner och läromedel. En konferensrapport.* Rapport 17. Forskningsgruppen för läroplansteori och kulturreproduktion. Högskolan för lärarutbildning i Stockholm. Institutionen för pedagogik

Haug, Peder 2003: *Evaluering av Reform 97. Slutrapport frå styret for Program for evaluering av Reform 97.* Oslo. Norges forskningsråd.

<http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2001-05/not5-2001-05.html> Last ned  
23.04.04

Haarstad, Margrete 1976: *Sidemål for alle og differensieringa. En enquête blant lærerne i forsøket Norsk i sammenholdte klasser.* Upublisert hovedoppgåve. Universitetet i Trondheim, Norges lærerhøgskole

Innst.S.nr.268 (2003-2004). Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om kultur for læring

Jansson, Benthe Kolberg 2004: *Nynorskopplæring og didaktisk tilnærming til nynorsk som sidemål. Rapport frå ei undersøking i allmennlærarutdanninga.* Høgskolen i Østfold, Avdeling for lærarutdanning

Christophersen, Jonas 2004: "Empirisk samfunnsfag eller lærebokfag? Lærebokas betydning i samfunnsfaget i forhold til læreplanen, andre læreremidler og informasjonskilder". I Klette, Kirsti (red.): *Fag og arbeidsmåter i endring. Tidsbilder fra norsk grunnskole.* Oslo: Universitetsforlaget

Michaelsen, Eva 1999: "Hvordan skal vi rekke alt?" I Johnsen, Egil Børre m.fl.: *Lærebokkunnskap. Innføring i sjanger og bruk.* Oslo. Tano Aschehoug

Mønsterplan for grunnskolen 1974 (M74). Kirke- og undervisningsdepartementet/Aschehoug  
1974

Mønsterplan for grunnskolen 1987 (M 87). Kirke- og undervisningsdepartementet/Aschehoug

Skjelbred, Dagrøn 2001: *Norskbøker for ungdomstrinnet, noen faglige og pedagogiske tendenser*. Høgskolen i Vestfold, Avdeling for lærerutdanning. I skriftserien "Fokus på pedagogiske tekster. Biblioteket: Skriftserien. Notat 5/2001.

Nordal, Anne Steinsvik 2004: *Nynorsk i bokmålsland*. Rapport frå forskingsprosjektet "Nynorsk som sidemål". Høgskulen i Volda

Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004): *Kultur for læring*. Utdannings- og forskningsdepartementet

Svingby, Gunilla 1982: "Läroplanen, läromedlen och undervisningens innehåll". I Lundgren, Ulf P., Gunilla Svingby og Erik Wallen (red.): *Läroplaner och läromedel. En konferensrapport*. Rapport 17. Forskningsgruppen för läroplansteori och kulturreproduktion. Högskolan för lärarutbildning i Stockholm. Institutionen för pedagogik